

[Kvam herad](#)

Kommunedelplan for Kvamskogen (2010-2020)

Planutvalet si arbeidsgruppe

juni 2011

Oppdatert vedtak i heradsstyret den 06.09.2011

1.	Planomtale-kommundelplan for Kvamskogen.....	4
1.1	Planen.....	4
2.	Målsetjing for Kvamskogen.....	6
2.1	Kommuneplan for Kvam 2002 – 2014.....	7
2.2	Tema for kommunedelplanen for Kvamskogen.....	8
2.2.1	Stikkord og rekkefylgje.....	8
2.2.2	Arbeidsmåte	8
3.	Bakgrunn	8
4.	Alternativ/innspel	10
4.1	Summen av innspel til planarbeidet 2003.....	10
4.2	Innspel frå Kvamskogen næringslag.....	11
5.	Plansituasjonen idag	12
5.1	Gjeldande kommunedelplan vedteken 1990	12
5.2	Gjeldande regulerings- og disposisjonsplanar.....	13
6.	Planomtale	13
6.1	Overordna strategi	13
6.2	Planstrategi	15
6.3	Tilhøvet til gjeldande kommunedelplan.....	19
6.4	Grønnstruktur	20
6.4.1	Om innarbeiding av grønnstrukturanalysen i planen - og ei delvis komplettering	20
6.5	Tal hytter og campingvogner	21
6.5.1	Tal –juni 2010	21
6.5.2	Prognosar med framlegg til ny plan	23
7.	Konsekvensutgreiing	24
7.1.1	Delområde 1: Eikedalen	24
7.1.2	Delområde 2: Kvamseter - Jonshøgdi - Måvotsheii.....	29
7.1.3	Delområde 3: Byrkjefjell - Furedalen - Kvinnhovden - Mødalen – Svartaberg	48
7.1.4	Delområde 4: Longvotni- Kvednaskogen	64
8.	Retningsliner og føresegner	79
9.	Naturgrunnlaget.....	97
9.1	Om planområdet.....	97
9.1.1	Plassering	97
9.1.2	Klima.....	97
9.1.3	Naturgeografi	97
9.1.4	Eksisterande inngrep i planområdet	97
9.1.5	Verna område	97
9.2	Naturforhold på Kvamskogen	99
9.2.1	Skog.....	99
9.2.2	Skoggrense	99
9.2.3	Lavalpine heier.....	100
9.2.4	Kulturmark og kantsoner.....	100
9.2.5	Vatn og vassdrag	100
9.2.6	Myrar.....	100
10.	Næringsutvikling.....	101
11.	Risiko og sårbarhetsanalyse - ROS	102
12.	Trafikk og vegnett	106
12.1	Trafikktal.....	106

12.2	Vegnettet	109
12.3	Trafikktryggleik	109
12.4	Kvamskogen.....	109
12.5	Mål	111
12.6	Analyse.....	111
12.7	Tiltak	112
12.8	Reguleringsplan.....	113
13.	Vedlegg til planomtale etter 2.gongs høyring i 2009.....	114
13.1	Innleiing	114
13.2	Hytteområde	114
13.3	Område for leilegheiter	115
13.4	Skredkartlegging	115
13.5	Krav til utvalde hytteområde.....	115
13.6	Skiløyper	115
13.7	Bygging i LNF-område	115
13.8	Differensiert hyttestorleik	115
13.9	Tilhøvet til naturmangfaldslova	115
13.10	Trafikkanalyse	119

1.Planomtale-kommundelplan for Kvamskogen.

Kommundelplan for Kvamskogen vert lagt ut på ny høyring og offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova frå 1985. Bakgrunnen for at planen ikkje vert lagt ut etter ny lov, er fordi den var opp til 1. gongs handsaming før 01.07.2009.

Planen har tidlegare vore ute på høyring i 2007, frå 4. september til 25.oktober. Det kom inn 13 konkrete motsegner frå Fylkesmannen i Hordaland og tre motsegner frå Hordaland fylkeskommune og konkrete merknader frå grunneigarar, lag, organisasjonar og institusjonar. Planen er tilpassa og vurdert i høve til desse og konkrete endringar er lagt til grunn i kart og føresegner.

1.1 Planen

Nytt planframlegg byggjer på planomtale, konsekvensutgreiing, ROS-analyse og grøntstrukturanalyse, som vart lagt fram i samband med høyringa i 2007. Det er lagt vekt på at planen skal vera lettare å forstå og at det skal komma klarare fram kva disposisjons- og reguleringsplanar som framleis skal eksistera på Kvamskogen, og kva som skal til for at desse må endrast.

Samstundes som planen no kjem opp til ny høyring og offentleg ettersyn, skal det vera mogleg å kjenna at høyringsframlegget frå 2007. Det er difor ikkje gjort unødvendigege endringar i det som no vert lagt fram.

Hytteområdet Byrkjefjell (HT13) er tatt ut or planen, med bakgrunn i konflikt med landskap og friluftsliv. Det samme gjeld for hytteområdet som var planlagt i Stuttlia (HO 09). Hytteområde mellom Fv-49 og Byrkjefjell (HT-14) er tatt inn i planen etter møtet i nærings-, plan- og bygingsutvalet.

Hytteområda HT 03 a-c, frå Teigen til Kleivabrunni, er vurdert på nytt og tilpassa grøntstrukturanalysen. Dei samme vurderingane er gjort for hytteområde HT 04 og HT 05, frå Dalagjel til Skeisskarane, områda er vurdert på nytt i høve til grøntstrukturanalysen gjennomført i 2001. Landskapsanalysar står sentralt i grunnlaget for arbeidet med vidare regulering. Konkret omtale av kvart einskild område er å finna i planomtalen. Desse byggjer på tidlegare planomtale.

Langs med Eikedalsvatnet er omfanget av hytteområdet redusert og HO er fjerna medan HO 01 og HO 02 vert lagt ut på nytt. I område HO 01 gjeld reguleringsplan frå desember 1990, medan HO 02 er ubebygd i dag, med krav om regulering.

Hytteområde HT 15 ovanfor Byrkjesete, er tatt ut av planen pga konflikt med landskap, friluftsliv og eksponering av området. Området HT 16, Fossen-Kløvadalen, er vist som framtidig hytteområde, med krav om regulering.

Område for lelegheiter ved Furedalen vert tilpassa skiløypene er og område for skileik.

Området HT 07 frå Skeisskarane til Gråsteinsdalen, vert vist som framtidig hytteområde, omsynet til framtidige skiløyper er tatt med som ein viktig premis for utviklinga av dette området.

Hytteområde HT 10 er tatt ut av planen med bakgrunn i natur, friluftsliv og biologisk mangfald, medan område HO 05 er vidareført, men redusert i høve til planen som var ute på høyring i 2007. Hytteområdet er trekt ned i frå dei øvste områda og utvida litt mot vest i område ved Longvotnet.

Hytteområde HO 08 a-c, er redusert, ved at dei øvste områda er trekt ut av planen. Kraftlinene over Kvamskogen utgjør grensa mellom bygd og ubebygd område.

Skiløypene har i den nye planen vorte forsterka, for å framheva desse som ein viktig ressurs i høvet til friluftsliv og rekreasjon. Løypekartet for Kvamskogen er ein viktig premis for løypene som er lagt inn i plankartet. Turløypene og bruk av grunn til preparering, er basert på muntlege avtalar i dag, unnataket er der det er bygd bruer, her er det skriftlege avtalar som varer i 40 år. Planen tek mål av seg å byggja vidare på tillitten mellom dei som eig grunnen og nødvendige verkemiddel for å få best mogleg løypesystem.

Løypetraséane er gjennomgått i høve til løypekart og eksisterande reguleringsplanar. Løypene på Kvamskogen er svært mange tilfelle inkludert i eit eller anna "grønt føremål". Planen viser løypene som LNF-f-område, innafor eksisterande reguleringsplanar og i område der det er planlagt framtidige hytteområde. Innafor eksisterande planar er løypene vist med 4 m breidde, sjølv om reguleringsplanen heimlar breiare løyper. I nye hytteområde er LNF-f område vist med 30 m buffersone.

Der løypene som vert preparert i dag, ligg innafor eit byggeområde i reguleringsplan, er det vist alternative løysingar. Her vil det verta stilt krav om at løypene skal leggjast om, før det vert bygd ut.

I mange samanhengar har det også vore ynskje om oppdeling av større tomter. I desse tilhøva set kommunedepanen eit absolutt krav om reguleringsendring. Dette fordi det vil endre strukturen innafor eksisterande planar, som er basert på større tomter. Krav til regulering vil involvera fleire interesser og vera nødvendig for å få til gode løysingar.

Arealstorleik og prosess i gamle planar har vore eit sentralt tema på Kvamskogen. Mange planar tillet hytter på 90 og 120 m², medan ynskje er å få til større hytter. Planen set som krav at det skal innførast nye føresegner, når det skal byggast større hytter innafor eksisterande regulerings- eller disposisjonsplan. Maksimal storleik i desse område er sett til 150m².

Når det gjeld nye planar vert det også lagt opp til moglegheiter for større hytter, maks storleik her vil variere frå 200 m² – 225 m². Kvar einskild plan vil vera styrande for storleik på hyttene, kommunedepanen set berre grenser for maksimal storleik.

Eksisterande hytteområde på Kvamskogen, der det tidlegare ikkje har vore plan, også i desse områda skal det vera mogleg med foretting og større hytter. Kravet er reguleringsplan.

Innafor landbruk-, natur og friluftsområde (LNF-område), ligg det hytter av ulik storleik. I planforslaget er det sett ei maks grense på 120 m². Fleire av desse hyttene ligg innafor buffersonen rundt vassdrag, utviding kan komme i konflikt med verdiane i vassdraget.

Skiløyper og brøyting har vorte tydelegjort i planen, dvs at ein del vegar der det kunne ha vore konflikt mellom skiløyper og køyreveg, her vert det ikkje brøytt.

2.Målsetjing for Kvamskogen

Kvam herad si målsetjing for Kvamskogen er;

Visjon/mål med kommunedelplanarbeidet er at Kvamskogen skal vera det viktigaste fjellområde i landsdelen som gjer det mogleg å realisera (imøtekoma) den aukande etterspørselen av hytter, leilegheiter, eit variert fritidstilbod og friluftsliv.

Eit varemerke for Kvamskogen gjennom sal og informasjon ved etablering av nye hytter, framføring av veg og infrastruktur , skal det vera krav til landskapstilpassningar , estetikk , miljø og valfridom av hyttestørrelse og buform.

Kvamskogen skal av dagbrukarar og hyttebrukarar opplevast som ein så viktig verdi, at det i tillegg til utbyggingsområda er lett tilgang til store urørte kulturlandskap og fjellområde. Eit viktig siktemål med Kvamskogen er mellom anna å kunne opphalda seg i fritt i store natur- og fjellområde, oppleve naturen sitt mangfold, utøva friluftsliv, visa evne til fysisk meistring. søkja ro og einsemd og koma seg vekk frå støy og ureining i byar og tettstader.

For å oppnå dei viktigaste hovudmåla i næringsområdet Kvamskogen, er tilgang til utbyggingsareal, eit variert konkuransedyktig servicetilbod frå lokalt næringsliv, og ein næringsretta offentleg sektor av stor vekt.

Det skal av grunneigarar og utbyggingsinteressene opplevast som ein meirverdi at det vert stilt krav til, og økonomisk medverknad, for å oppnå miljø og miljøtilpassningar i landskapsområder langs fylkesveg, parkeringsanlegg og fellesområder.

Kvamskogen skal vere trygg for fotgjengarar og skiløparar i høve til biltrafikken.

2.1 Kommuneplan for Kvam 2002 – 2014

Målsetjinga for Kvamskogen byggjer på kommuneplanen

Visjon:

"Kvam herad skal vera den beste nærings- og bukommunen i Hordaland."

Hovudmål:

"Kvam skal ha ein vekst i folketal til 10 000 innbyggjarar innan 10 år. Grunnlaget for veksten skal vera næring, busetnad, kultur og offentlege tenester"

Hovudtema:

Kvam som fritidskommune - friluftsliv, hytter og fritidstilbod

Kvam herad skal sikra område med gode kvalitetar som gjer det mogeleg å driva friluftsliv i nærmiljøet, ved sjøen og i "urørt" natur, som ein helse-, trivselskapande og naturvenleg aktivitet. Leggja til rette for fritidstilbod som gjev alle innbyggjarane og tilreisande i Kvam eit variert og godt fysisk og sosialt aktivitetstilbod med sikte på å styrkja helse, trivsel og fellesskap- Det skal utviklast nye hytteområde som tek omsyn til og legg vekt på estetikk, natur, friluftsliv, kulturlandskap og rekreasjon.

Hovudutfordringa er:

Kvam herad har gode høve til friluftsliv og plass til meir hyttebygging. Utfordringa ligg i å byggja ut nye hytteområde med høg kvalitet, samstundes som det ålmennefriluftslivet og naturverdiane vert tatt vare på både i fjellet og ved sjøen. Fritids tilbodet er variert, utan at det tilfredsstillar alle ynskje.

Strategi for hytter:

Kvamskogen skal vidareutviklast som eit attraktivt hytte, service og friluftsområde

Kvam herad skal vera med å stimulera til hyttebygging i kommunen gjennom gode planar.

Nye hytter skal plasserast i hyttefelt som tek vare på friluftskvalitetane i området og stimulerer til eit naturvenleg friluftsliv.

Reguleringsplanar for nye hyttefelt skal ta vare på viktige "grønnstrukturar" som stiar, skiløyper, vassdrag, kulturminne, vilt og friluftsliv.

Nye hyttefelt skal tilpassast omkringliggjande natur- og kulturlandskap.

I kommuneplanen sin arealdel skal det lagast retningslinjer for tilkomst til hyttefelt

I kommuneplanen sin arealdel skal det lagast retningslinjer for volum, estetikk, arkitektur m.m.

I kommuneplanen sin arealdel skal det utarbeidast retningslinjer for ombygging, nybygging og restaurering av nye stølshus på stølane.

Nye hyttefelt skal ikkje plasserast i det nære landskapsrommet til eksisterande stølar.

Ved opparbeiding av nye plassar for campingvogner skal det utarbeidast regulerings planar og vognene skal plasserast mest mogeleg skånsomt, med omsyn til terreng, vegetasjon og omgjevnader.

2.2 Tema for kommunedelplanen for Kvamskogen

2.2.1 Stikkord og rekkefylgje

- Trafikktryggleik
- Landskap
- Friluftsjnteresser
- Næringsjnteresser
- Stølar/landbruk/kulturlandskap
- Verna vassdrag
- Tilhøve til eldre planar

Arealformål skal avsetjast i fylgjande prioriterte rekkefylgje:

- Trafikkføremål langs fylkesvegen
- Landskap/naturkvalitetar
- Ferdslekorridorar med ski- og turløyper
- Byggjeområde

Planen som no vert lagt fram har redusert omfang av nye hytteområde. Dette gjeld spesielt område som låg over tregrensa og som det har vore mest konflikt omkring. Kvam herad har likevel ikkje gått bort i frå strategien om å få på plass eit høgareliggjande område til alpinanlegg, som er snøsikkert og kan sikre ei meir stabil drift også i framtida. Arbeidet med å få på plass eit slikt område skal halda fram i den komande planperioden.

2.2.2 Arbeidsmåte

- Trafikkanalysen og Trafikksikringsplan skal leggjast til grunn
- Konsekvensutgreiingane og risiko- og sårbarhet skal vera premissgjevande for plandokumentet
- Grønnstrukturanalysen er retningsgjevande og der er vist nokre registreringsområde - kommunedelplanen skal avsetja areal til byggjeområde som er prøvde opp mot grønnstrukturanalysen.
- Kartleggja etablerte friluftsjnteresser i planområdet, hjå alle typar brukargrupper.
- Omsynet til kulturminner skal ivaretakast i reguleringsplan

3. Bakgrunn

Kvam formannskap, som det faste utval for plansaker gjorde i sak FSK-127/00 vedtak om å setje i gang rullering av kommunedelplanen på Kvamskogen.

Med grunnlag i eit stort tal innkomne framlegg til reguleringsplanar og at 4 reguleringsplanar møtte motsegn tok Hordaland fylkeskommunen og Fylkesmannen i Hordaland initiativ til ei samling på Kvamskogen der vi konkluderte med at det var naudsynt å utarbeide ein grønnstrukturanalyse. Denne vart utarbeidd, og handsama i planutvalet – sak FSK 110/02. Det og vart nedlagt bygge- og deleforbod, som skulle vara fram til kommunedelplanen vart vedteken.

31. oktober 2003 vart det skipa til idèdugnad på Sandven hotell med ei brei innbydd gruppe frå organisasjonar, fylkes- og kommuneadministrasjon og næringsliv.

Planarbeidet vart kunngjort på nytt, med merknadsfrist 5. desember 2003. Det kom inn 37 innspel, for ein stor del framlegg til reguleringsplanar. Planarbeidet har teke tid. Følgjande prosessar er gjennomgått

- Merknadene er gjennomgått i høve til plansituasjonen
- Gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar – digitalisering
- Sakshandsaming i planutvalet
- Utsett sak på grunnlag av behov for auka deltaking
- Planframlegget vart underlagt ei førebels høyring. Det vart gjennomført ein dialogkonferanse om planen.

På grunnlag av dei resultat dialogkonferanssen og synfaringa gav, sette planutvalet ned ei arbeidsgruppe som la fram planen til handsaming.

Mandatet og samansetjing vart slik:

FSK-028/05 Vedtak:

Planutvalet set ned følgjande arbeidsgruppe:

Martin Vik, Sp.

Oddvar Brakestad, H.

Ordførar Astrid Kristin Selsvold, Ap.

Vara:

Lars Ragnvald Djupevåg, V.

Vigdis Håland, Ap.

Harald Kjosås, Krf.

Bjørge Tellefsen Enes, SV.

Dagfinn Vik, Frp.

Dette arbeidsutvalet skal leggja fram nytt framlegg til kommunedelplan for Kvamskogen saman med administrasjonen og konsulent. Skisse vert lagt fram for planutvalet 8. mars 2005.

Arbeidsgruppa la fram skissa for planutvalet og fekk tilslutning til skissa for vidare arbeid.

I sak 118/07 vedtok formannskapet å leggje kommunedelplan for Kvamskogen ut til høyring og offentleg ettersyn. Prosessen medførte mange innspel og merknader, mellom anna 13 kulepunkt med motsenger frå Fylkesmannen i Hordaland.

Etter høyringa og fram til planen no vert lagt fram på nytt, har gruppa hatt følgjande samansetjing.

Ordførar Astrid Kristin Selsvold, Ap (leiar for gruppa)

Martin Vik, Sp.

Oddvar Brakestad, H.

Sjef for offentleg planar, Jon Nedkvitne har representert administrasjonen og vore sækretær for gruppa.

Hedi Ørjansen-Kvam herad har hatt ansvaret for kartarbeidet.

4. Alternativ/innspeil

4.1 Summen av innspel til planarbeidet 2003.




Fig. 1 Innkomne uttalar til oppstart av planarbeidet som inneheld framlegg til nye utbyggingsområde desember 2003

Innspela er i stor grad forslag til nye reguleringsplanar der føremålet er fritisbustader. Dei mest framtreidane er alpinlandsby i Byrkjefjell med nytt skianlegg, og større utbygging langs vegen opp til dette. Større utbyggingsområde er sør for Longvotni og nord for fylkesvegen i området Kvamseter - Jonshøgdi, samt austover frå Kvednaskogen - i retning Sjusete. Framlegg om nytt, klassisk hytteområde i Stuttlid, nord for Mødal er lagt inn.

4.2 Innspel frå Kvamskogen næringslag




Fig. 2 Innspel frå Kvam næringslag

Kvam næringslag presenterte eit innspel som delvis utgjer eit eige alternativ.

Næringslaget meinte heile området, vist på figuren over bør, peikast ut som hytteområdet, og resten av (til dømes tilpassinga til grønnstruktur) bør gjerast i reguleringsplan.

Framlegget gjev ikkje ei heilskepeleg løysing og avveging av natur- frilufts- og landskapsinteresser. Ei slik avveging kan ikkje skje gjennom handsaming på reguleringsplannivået. Statlege og regionale særlovsstyresmakter har i planforum 20. januar 2007 kravd at grønnstruktur skal sikrast i overordna plan.

5. Plansituasjonen idag

5.1 Gjeldande kommunedelplan vedteken 1990




Fig. 3 Gjeldande kommunedelplan

Karaktértrekk ved planen er at den:

- i stor grad byggjer på tidlegare plan - Fjellplanen
- opnar for nokre nye hytteområde sør for Longvotni og i Tordalen
- legg opp til senterområde nord for Eikjedalsvatnet og ved Aktiven
- har ein stor del av lågareliggande hytteområder vest og nord for Longvotni som utleigehytter.

5.2 Gjeldande regulerings- og disposisjonsplanar

- Dei vedtekne reguleringsplanane – om lag 60 stk - og (eldre) disposisjonsplanar er digitaliserte og lagt inn Ingen planar vert oppheva av denne plan. Gjeldande regulerings- og disposisjonsplanar vert vist som eige temakart.

6. Planomtale

6.1 Overordna strategi

Kvamskogen er eit regionalt filuftsområde og etter SSB sine normer i 2002 karakterisert som norges 3. største hytteområde. Kvamskogen er eit viktig rekreasjon- og hytteområde. Det er 4 alpinanlegg på Kvamskogen. Der er store naturverdiar – biologisk mangfald – knytt til dei viktige myrsystema. Planarbeidet her skal legge til rette for at den regionale funksjonen kan oppfyllest, også i framtida. Området er styrka med godt utbygd infrastruktur, og fritidsbusetnaden har ein struktur som ligg tett langs fylkesvegen og dermed legg til rette for nær kontakt med offentleg areal og kort veg til villmark. Dette gjeld heile Kvamskogen.

Planarbeidet legg til rette for at det kan utviklast nye byggeområde og på den måten sikra tilgjenge til areal som tilbyr kvalitetsområde for fritidsbusetnad.

På same tid er det eit faktum at det er eit stort næringsmessig og politisk ønskje om å byggje meir hytter på Kvamskogen. Utbygging og drift er viktig for Kvam herad for å sikra framtidig verdiskaping som gjev arbeidsplassar.

Då planen vart lagt fram i 2007, var det eit stort press på hyttemarknaden i fylket og landet, og det oppsto eit regionalt dilemma; skal vi fortette og vidareutbyggje dei eksisterande hytte/utfartsområde eller skal vi ”ta hol” på heilt nye område. Det er eit regionalt ansvar å sikra ei samordna areal- og transportplanlegging slik at dette kan styrkja dei deler av fylket som har føresetnader for det. Kvamskogen har ein etablert infrastruktur som det lett kan byggjast vidare på. Plasseringa er nær brukarane og det vert dermed gevinstar i spart transport å lokalisera den vidare utbygginga av område for fritidsbustader i Hordaland her. Kvamskogen kan utvikla seg vidare framfor å ”ta hol på” heilt nye, urørde område i Kvam eller andre stader i Hordaland.

Kvam herad gjer framlegg om ei løysing som vi meiner kan ta vare på Kvamskogen sine grønstrukturkvaliteter, og på same tid løyse trongen for nye område for fritidsbustader. Det vil seie at det er eit ønskje å auka bruken av område – til fritidsbustader med tilhøyrande dagsturtrafikk, men der dei største naturområda vert verna med eit tydelegare skilje mellom tette og opne (eller ”klassiske hytteområde”).

Som det viktigaste område for friluftsliv og fritidsbusetnad i landsdelen oppnår planen her

- God samordna areal og transport på regionalt nivå. Avstanden til tyngda av brukarane er mindre i høve til tilsvarende tilbod i andre deler av Hordaland og nabofylka.
- Nærleiken til marknaden gjer at område og tilbodet vert hyppigare nytta av brukarane.

Herunder legg planen til rette for

- ei god utnytting av allereie tilrettelagt omfattande VA-investering som sikrar hygiene og vasskvalitet
 - trygg og fleksibel bruk av offentleg vegtilbod og tilknytte løysingar for parkering
 - vidareføring av tradisjonsrik drift av eit omfattande løypenett, som også i planen her er tenkt utvikla
 - oppmarsjkorridorar med stutt veg til villmark
- styrking av framtidig utvikling av senterområda ved NAF og Aktiven (Ungdomsheimen)
- Planen vidarefører næringslivstradisjonen i område tilknytt fritidsbustadmarknaden. Dette er avgjerande viktig for Kvam som ligg i randsonen til ein elles nærings svak region.
 - Med satsinga i planen her vil landsdelen vera sikra utviklingsareal som reduserer trongen for å angripa nye og kanskje meir sårbare område i landsdelen, der infrastrukturen må etablerast frå grunnen av
 - Planen byggjer på eit prinsipp om etablering av tette nærmiljø kring aktivitetssområda som reduserer trongen for intertrafikk
 - Arealbruken som er vist i plankartet sikrar dei største grønstrukturverdiane, også gjennom føresegnene og retningslinene der det vert stilt krav til den oppfølgjande detaljplanlegginga
 - Arealplanen viser såleis store samahengande byggeområde innanfor naturlege landskapsrom
 - I tillegg til fritidsbustaden som ligg nær fylkesvegen og som har potensiale for noko fortetting, tilbyr planen nye byggeområde med høge kvalitetar. Verdiane i grøntstrukturanalysen skal sikrast i reguleringsplan og i realiseringa av det einskilde byggeprosjekt

Området mellom Kvamseter og Maovotsheii er eksempel på at deler av Kvamskogen er spreidd bygd. Dette er truleg som ein følgje av to faktorar: Manglande offentleg VA-utbygging og manglande skiheis. Kvamskogen skiljer seg også vesentleg frå andre store hytteområder her i landet, ved at fritidsbustaden her ligg langs fylkesvegen. Dette gjer at alle som nyttar Kvamskogen som friluftsområde, anten med utgangspunkt i ein fritidsbustad eller ein P-plass, har kort veg ut i naturen. Hovud-grønstrukturen mot og på tvers av fylkesvegen må sikrast.

Det er ulike syn på kapasitetsgrensa for område Kvamskogen. Dei innspela til planarbeidet som støttar ei avgrensa utbygging på Kvamskogen byggjer på at ein hittil har hatt balanse mellom utbygging og natur- og friluftskvalitetar. Dei beste døma på dette er dei opne, "klassiske" hytteområda, utan brøytt veg og med om lag 3 daa kring kvar hytte. Dette vert omtala som område der desse interessene balanserer - både av folk som er opptekne av natur og friluftsliv, og også dei som likar det "klassiske" hyttelivet.

Du kan gå på ski mellom hyttene uten å kjenne at du trør nokon for nær, naturmarka kan i stor grad vere intakt mellom hyttene, og ein opprettheld eit ganske rikt biologisk mangfald.

Ut ifrå dette biletet reagerer mange på nyare hytteområde, med høgare utnytting, større hytter og med bilveg fram til kvar hytteeining. Skiløparar som krysser vegane må ta av og på skiene fleire gonger. Brukarane av område kjenner det som at ein trækker inn i private område, og ein opplever støy frå bilar i tidlegare stille område. Ein av kvalitetene på Kvamskogen, det å kunne gå rett frå bilen eller bussen ut i den "kvite løparen" - dei breie, opne naturprega områda - mot sola og fjelltoppane - vert avgrensa.

6.2 Planstrategi

Planen byggjer på eit prinsipp om etablering av tette nærmiljø kring aktivitetsområda som reduserer trongen for internttrafikk.

Arealbruken som er vist i plankartet legg til rette for dei viktigaste grønstrukturverdiane, også gjennom føresegnene og retningslinene der det vert stilt krav til den oppfølgjande detaljplanlegginga.

Etter avklaring med planforum, viser planen større samanhengande byggjeområde. Det vil leggja til rette for at løyper, leikeområde, vegsystem, viktige landskapselement og andre fellesareal må få si avklaring i reguleringsplan. Grunngevinga for dei store byggjeområda er å leggja til rette for heilskapleg planlegging innanfor naturlege landskapsrom (Tidlegare planlegging på Kvamskogen har delvis vore fragmentert).

I tillegg til fritidsbusetnaden som ligg nær fylkesvegen og som har potensiale for noko fortetting, tilbyr planen nye byggjeområde med høge kvalitetar. Verdiane i grønstruktureanalysen skal sikrast i reguleringsplan og i realiseringa av det einskilde byggeprosjekt.

Utbyggingsmønster:

- Kvamseter Teigaberget - Kleivi - Jonshøgdiområdet vert bygt ut, men med omsyn til grønstruktur (sjå neste hovudpunkt).
- Høg utnytting nord for fylkesvegen og i nærområda kring skisentra, med sikra turkorridorar. Innafor områdegrensene vil detaljplanlegginga leggje stor vekt på å ta vare på dei viktigste natur- friluft-, og landskapskvalitetane.
- Sør for fylkesvegen vert det nokre område med meir open, klassisk fritidsbusetnad med natur- og friluftskvalitater mellom hyttene.
- Senter ved NAF og ved Aktiven
- LNF-Friluftsområde for skistadion og naturlek på myr nord for Mødalstrekket
- Hytter som ligger i buffersoner langs vassdrag vert definert som spreidd fritidsbusetnad i LNF. Viktige turløyper vert sikra med ei buffersone som LNF.

Grønstruktur:

- Mange, større, samanhengande naturområde med stor verdi for biologisk mangfold vert verna. Døme på dette er Eikedalsvassdraget som er verna mot kraftutbygging, Skeiskvannaldalen og Maovotsheii.
- Viktige korridorar for rekreasjon og friluftsliv vert tatt vare på
- Viktige grønne korridorar/"kvite løparar" ut frå hovudvegen vert sikra. Herunder vert den "kvite løparen" frå Kvammseter mot Movotsheii halden open
- Vatn, elvar og bekkar med bufferareal på sidene sikrar både omsyn til naturen og til fiskeaktivitetar.
- Silhuettområda sett frå hovudvegen skal vernast som ramme om Kvamskogen i oppfølgjande detaljplanar
- Det gjort skilje på hytteområde med tett utnytting og mindre tett utnytting.
- Det er laga føresegnar som seier at ein skal stelle seg slik ved utbygging av ein tomt at ein unngår større støttemurar og skjeringar, og at sideareal til vegar og tomter skal jamnast til og handsamast slik at de kan gro til igjen.

Byggeskikk:

Byggeskikk-omgrepet er normgjevande, dvs. for å peike på kva som utgjer gode byggverk i møte med sine omgjevnader.

Statens Byggeskikkutvalg vurderer god byggeskikk som ”*godt tilpassede, hensiktsmessige, enkle og nøkterne hus av god kvalitet, som i form, og materialer understreker stedet, naturen og klimaet og spiller på lag med omgivelsene*”.


Byggeskikksomgrepet er omfattande. Det enklaste vi kan seie er at det omfattar å gjere kreative val på ulike nivå:

1. Valg som vert gjort på plannivå:

- Prinsipielt med nokre unntak unngå å setja av/regulere byggeområder i vakre og/eller uberørte landskapsrom, i viktige silhuettområde og på framspringande landskapsformer - som den største haugen i området, for nær vatn og vassdrag, stølar, framfor viktige utsiktspunkt m.m.
- velgja om utbygginga skal gjerast i grupper eller som enkeltstående fritidsbustader, kva slags utnyttingsgrad, dokumentasjonskrav (skisser/snitt m.m.), kva for område som skal følgja byggesøknaden samla

2. Val som vert gjort på byggesaksnivå:

- valg av bygningsform som gjev minst terrenginngrep, sjå illustrasjon under:



Brede hytter som plasseres på fyllinger i bratt terreng betyr store terrenginngrep. Dersom man bygger smale hytter som tar opp terrengforskjellene gjennom fundamentene kan bygningene plasseres nærmest uten terrenginngrep. Hytter og verandaer som bygges på høye påler gir også dårlig terrengtilpasning og innhykk av at bygget står på styler.

Fig. 4 Val av bygningsform. Henta frå Kommunedplan Gausta - RjukanPlanbeskrivelse og utredninger. Tinn kommune

- val av materialar, formspråk, terrengtilpasning, murer m.m.. som gjev god forankring i det spesielle ved Kvamskogen sin natur, landskap og eksisterende byggeskikk



Materialbruk, formspråk, terrengtilpasning etc. i eldre bebyggelse kan gi inspirasjon til utforming av moderne bygninger. Hytta til høyre (Div.A arkitekter) har helt klart et moderne preg, men det er likevel lett å se forbindelseslinjer og trekke paralleller til eldre bebyggelse som den gamle fjellbua.

6.3 Tilhøvet til gjeldende kommunedelplan



Fig 5 Nye framlegg til utbygging versus gjeldende kommunedelplan for Kvamskogen

I høve til eksisterande plan er dei største skilnadene:

- Hytteområde mellom Fv-7 og Byrkjefjell
- Auka utbygging i dalsidene under silhuettlina rundt Kvamseter - Maovotni nord for fylkesvegen og på flata sør for Kvamseter.
- Området øvst i Tordalen fell bort.
- Store område med utleigehytter Furudalen - Longvotno vert erstatta av vanleg hyttebygging

6.4 Grønnstruktur

6.4.1 Om innarbeiding av grønnstrukturanalysen i planen - og ei delvis komplettering

Grønnstrukturanalysen gjeld natur friluftsliv og landskap, og er viktigaste vurderingsgrunnlag for innsendte innspel.

Ut over denne er det gjort noko tilleggsarbeid:

- Natur

Grønnstrukturanalysen er utvikla vidare på overordna nivå gjennom arbeidet dokumentert i NNI-Rapport nr. 108, Bergen, oktober 2003.

- Friluftsliv

Viktigste tilleggsarbeid etter Grønnstrukturanalysen har vore å lage framlegg til samanhengande turveg. Denne er ikkje med i noverande planforslag.

- Landskap

Spesielt synlege landskapsformer under horisont frå hovudveg peika ut etter ei såkalt "konkav-konveks-analyse". Dei mest kjente stølane vil vere sikra i dei store naturområda som ikkje får endra føremål. Det må takast omsyn til stølane både i reguleringsplanar og i byggjesøknader.




Fig. 6 Tilhøve mellom framlegg (gjeld framlegget i 2003) til nye planområde og hovudtrekka i grønnstrukturen på Kvamskogen.

6.5 Tal hytter og campingvogner

6.5.1 Tal –juni 2010

Talet på hytter og campingvogner er ikkje kontinuerleg oppdaterte på Kvamskogen. I samband med e-takst prosjektet vart det i 2009 registrert om lag 1800 hytter på Kvamskogen.

Etter at bygge- og deleforbodet vart oppheva hausten 2004, vart det frå 2004 til 2007, vedteke fire reguleringsplanar som la grunnlaget for 318 nye hytter. I 2007 var det 6 planar som gjorde det mogleg med om lag 180 nye hytter.

I perioden frå 2004 til 2007, vart det i gjennomsnitt bygd 53 hytter pr år. Tal tatt ut i juni 2010, viser 34 nye hytter i 2007, 18 nye hytter i 2008 og 22 nye hytter i 2009.

I kommunedelpanen som no vert lagt fram, er dert lagt til grunn at det kan byggjast 852 nye hytter i framtidige HT-område og HO-område. Talet på hytter er såleis redusert i frå 1138 i 2007, til 852 i 2010.

Hytteområde	Tal på hytter
HT 01+ 02	30
HT 03	186
HT 04	20
HT05	40
HT06	10
HT07	30
HT08	12
HT09	60
HT11	3
HT12	1
HT14	262
HT16	28
HT17	20
HO02	12
HO03	6
HO04	5
HO05	70
HO06	3
HO07	4
HO08	50
Samla	852

I fortettingsområde (HTF og HOF) var det i planen frå 2007, lagt til grunn at det kunne byggjast 300 (potensialet var i 2007 sett til 500 hytter) nye hytter i desse områda. Dette talet på hytter vert ført vidare i denne planen. Talet er ikkje fordelt utover kvart område, men det må tilpassast omgjevnadane og kvar einskild plan. Talet på leiligheiter/senterleiligheiter frå 2007, var sett til 200 (potensialet var i 2007 sett til 1000) . Det same talet vert nytta i denne planen.

Nye hytter i planperioden 2010-2020

<i>Hytteområde</i>	<i>Nye hytter i planperioden</i>
Hytter i HO/HT-område	852
Hytter i HOF/HTF-område	300
Leiligheiter	200
SUM	1352^(*)

(*). I dette talet er ikkje tomene i eksisterande reguleringsplanar som ikkje er utbygd tatt med , heller ikkje opninga som ligg i eksisterande reguleringsplanar for oppdeling til mindre tomter

6.5.2 Prognosar med framlegg til ny plan

Det er vanskeleg å setje eksakte tal på nybygg som vil komma innanfor rammene i ny kommunedelplan, av di det er vanskeleg å forutsjå kor mykje folk vil utnytte tomtene sine. Utnytingsgrad er som vanleg i føresegnene sett som maksimum, og ikkje minimum utnytting. Utnytingsgraden kan oppgjevast på fleire måtar.

I perioden 2007-2009 vart det i gjennomsnitt bygd 25 hytter pr år.

Tala som no vert nytta innafør planområdet, tek utgangspunkt i dei utrekningane som vart gjort i 2007, men er samtundes tilpassa det nye planen i høve til endringa av kvart einskild område. Dei teoretiske tala ligg høgare enn det som faktisk vert lagt til grunn i denne planen. I planen frå 2007, rekna ein 45% av arealet til netto tomter, med gjennomsnitts "fotavtrykk" på 130m².

Summerer vi innspela som kom inn i samband med oppstart av planarbeidet, utgjorde desse om lag 900 nye fritidsbustader. Dette er eit tal som er langt under potensiale i dei aktuelle byggeområda.

7.Konsekvensutgreiing

7.1.1 Delområde 1: Eikedalen




Fig. 7 Oversiktskart Delområde 1

- Omtale:

Eikedalen er delt mellom Kvam og Samnanger. Dalen er dominert av Eikedalsvatnet, som dekkjer heile dalbotnen midt i dalføret. Nordover går ein smal dal i retning skisenteret og Skeiskvanndalen, sør-/sørvestover går Eikedalen om lag like smalt inn i Samnanger.

Eikedalen var den første delen av planområdet som vart oppdyrka - i år 1771 (Aadland 2000). Restar av åker og eng finst på elvesletta nord og vest for vatnet.

Eikedalen har hatt noko spreidd hyttebygging, men det store utviklingspranget kom med utbygging av Eikedalen skisenter. Det ligg føre godkjend reguleringsplan for Eikedalen

- Grønnstrukturverdiar:

Eikedalen er ein del av nedbørsfeltet for varig verna vassdrag, sjå blå skravur på figuren under.




Fig. 8 Område for vern mot kraftutbygging

Eikedalen er turvegtrasè mot Skeiskvanndalen.

Utbygginga i Eikedalen er størst på Samnangersida, på begge sider av fylkesvegen, og av vegen nordover dalen mot skisenteret.

Innan Kvam herad er det i dag om lag 15-20 hytter på Teigen.

Område HT 01 – HT 02

Namn på området; Teigen

Planstatus i eksisterande kommuneplan; Senterområde og utleigeområde

Areal; 120,3 daa

Tal på hytter; Samla for HT 01 og HT 02 =30 nye hytter

Miljø- og naturessursar	Vurdering av området	Konsekvensar
<p>Biologisk mangfald: -frodig lauvskog -myr -beitemark</p> <p>Verna vassdrag: -delar ligg innafor 100 m beltet av verna vassdrag</p> <p>Kulturminne: -ikkje registrerte freda kulturminne</p>	<p>Samlekart verdiar Naturverdiar-/ biologisk mangfald. -innafor område med svært høg verdi (nasjonal) + område med verdi (lokal)</p> <p>Området er ein del av prioritert område for biologisk mangfald</p> <p>Samlekart verdiar. Landskap -område med høg verdi høg , potensiell regional verdi.</p> <p>Deltema Landskapsbilete -sær høg verdi nærast vassdraget elles lokal verdi</p> <p>Buffer silhuett veg-igjennom området</p>	<p>I område HT 01 er det ein del hytter også i dag, vidare utbygging vil vera med å ”fortette” området.</p> <p>Reguleringa må ta omsyn til biologisk mangfald.</p> <p>Utbygginga må forhalde seg til Rikspoltiske retningsliner for verna vassdrag. Føresegnene har lagt til grunn at det ikkje kan byggjast nærmare enn 50 m frå vassdraget.</p>
Samfunn	Vurdering av området	Konsekvenser
<p>Teknisk infrastruktur: Ligg innafor Kvamskogen vest-i Kommunedelplan avløp 2006-2014</p> <p>Området ligg like ved fylkesveg 7</p> <p>Friluftsliv</p>	<p>Samlekart verdiar Friluftsliv -verdi (lokal)</p> <p>Deltema Friluftsliv Evalueringskart -høg verdi (potensiell)</p>	<p>Avlaupsanlegget på Kvamskogen må utvidast før bygging kan komme i gang.</p> <p>Området er lett tilgjengeleg frå fylkesvegen og det er kort veg til alpinanlegget i Eikedalen.</p> <p>Ytbygginga vil ikkje ha store negative konsekvensar for friluftslivet. Vil påverka 100. meters skog rundt nokre av hyttene.</p> <p>Området er ikkje tilknytt eksisterande system for skiløyper</p>

Skred:	regional verdi), nokre stadar -område med "hundremetersskog" rundt hyttefelt	Krav til nærare kartlegging av fare for ras i vidare planarbeid. Kan få konsekvensar for struktur på utbygging. I arbeidet med tilrettelegging og regulering må ein vera merksam på flaum i frå Eikedalsvassdraget Dalføret mellom Eikedalsvatnet og Eikedalen skisenter er etterkvart utbygd, slik at fleire hytter vil vera ei natureleg utvikling av området, som også i tidlegare planar har vore utbyggingsområde. Lett tilgang til skisenter.
Flaum:	Skred: Delar av HT 01 ligg innafor aktsemdsområde for skred	
Utbyggingsmønster		

Nr	Storleik	Kommentar
Tett		
HT 01	113,2 daa	Myrområdet på Teigen var i forrige plan lagt ut som utleigeområde. Området er teke med i dette planframlegget, men er gjort om frå utleigeområde til hytteområde. Delar av området kan verte leigeområde dersom det er interesse for det. Området er ein del av prioritert område for biologisk mangfald. Ved planlegging av område skal det takast omsyn til biologisk mangfald.
HT 02	18,7 daa	

Område HO

Namn på området; Tordalen

Planstatus i eksisterande kommuneplan; Eksisterande hytteområde

Areal; 114,6 daa

Tal på hytter; 58 hytter

Miljø- og naturessursar	Vurdering av området	Konsekvensar
Biologisk mangfald: -blandingsskog -frodig lauvskog -myr -barskog på god mark	Samle verdiar. Naturverdiar/ biologisk mangfald - særst høg verdi(nasjonalt), nærast vassdraget Deltema. Biologisk mangfald -særst høg verdi, nasjonalt, nærast vassdraget	
Verna vassdrag:	-delar ligg innafor 100 m beltet av verna vassdrag	Hyttefeltet kjem inn under område for rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.
Inngrepfri sone 2:	Delar av hyttefeltet ligg innafor sone 2, område som ligg mellom ein og tre kilometer frå tyngre tekniske inngrep	Plassering av hyttefelt i inngrepfritt område, vil vera med å redusera inngrepfrie område på Kvamskogen
Landskap	Samle verdiar. Landskap -høg verdi, poteisiell regional verdi. Landskap Evalueringskart -særst høg verdi nærast vassdraget elles lokal verdi	
Kulturminne:	-ikkje registrert feda kulturminne	
Samfunn	Vurdering av området	Konsekvensar
Teknisk infrastruktur:	Ligg innafor Kvamskogen vest-i Kommunedelplan avlöp 2006-2014	Avlaupsanlegget på Kvamskogen må utvidast før bygging kan komme i gang, to hovudløysingar er skissert i avlaupsplanen
Kraftleidningar	Kraftleidningar i randsonen, mot Eikedalsvatnet	
Veg:	Regulert/parkeringsplass veg som ligg omlag 300 m	

Skred:	frå hyttefeltet Delar av reguleringsplan frå 1990 ligg innafør aktsemdsområde for skred	
Friluftliv	Samlekart verdiar Friluftsliv: -verdi (lokal) + høg verdi (potensiell regional verdi)	Området er ikkje tilknytt eksisterande system for skiløyper
Utbyggingsmønster	Deltema. Evalueringskart -høg verdi, potensiell	Godkjent reguleringsplan frå 1990, området har ikkje vorte bygd ut i samsvar med plan. Hyttefeltet opnar opp område der det er svært lite hytter i dag og det vil påverka ein relativt urørt del av Kvamskogen

Nr	Storleik	Kommentar
Open		
HO	114,6 daa	Tordalen. Hyttefeltet ligg i godkjent reguleringsplan frå 1990. Feltet er ikkje bygd ut. Feltet ligg i innfallsporten til Tordalen.

7.1.2 Delområde 2: Kvamseter - Jonshøgdi - Måvotsheii




Fig. 9 Oversiktskart delområde 2

Kvamseter - Jonshøgdi er det første dalområdet på sjølve Kvamsskogen om ein kjem vestfrå. Sentralt i landskapet er Maovotni. I nord er fjellsida bratt under Byrkjefjellet, medan det er noko slakare stigning sør mot Måvotsheii, sjå bilete under.



Fig. 11 Mot Maovotsheii, frå hovudvegen i nord



Fig. 12 Mot Maovotni, frå Jonshøgdi



Fig. 13 Eldre hytteklynge nord om Maovotni.



Fig. 14 Skråning nord om Maovotni

Fig. 15 "Bilnaust"



Fig. 16 Utløpe

Fig. 17 og ny hytteveg

Dalbotnen her vart som resten av sjølve Kvamskogen først oppdyrka på 1900-talet (Aadland 2000). I dag er det berre små restar att på nordsida av vegen mellom Kvamseter og Kleivi.

Kvamseter - Jonshøgdi har vakse meir gradvis enn dei andre utviklingsområda

- Grønnstrukturverdiar:

Kvamseter er en del av nedbørsfeltet for varig verna vassdrag. Ein stor del av dalbotnen er mellom dei mest vassdragsnære område innan nedbørsfeltet, og slik vurdert som nasjonalt verneverdig (Håland 2002).




Fig. 18 Område verna mot kraftutbygging i Eikedalsvassdraget. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag gjeld i området.

Kvamseter - Jonshøgdi er oppmarsjområde for regionalt viktig skiløype mot Furedalen og sørover mot Såta/Kvitingen. Likeeins går det lokalt viktige løyper sør og oppover mot Måvotsheii og ei viktig lokal løype nordover/opp i retning Steinskvanndalen.

- Hytteutbygging i dag:

Utbygginga på Kvamseter - Jonshøgdi finst på begge sider av fylkesvegen og dertil nord/oppover langs Røyro.

- Planframlegg:

Kvam herad vil bygge ut offentleg VA-anlegg vidare vestover. Med det planframlegget som ligg føre her, vil det vere denne delen av Kvamsskogen som får mest ny utbygging.

I begge sidene bak og over noverande hytter, men under silhuetten frå fylkesvegen, kan ein bygge fleire hytter utan å gå på tvers av dei største grønnstrukturane. Men her er det brattlendt, og ein må ta omsyn til visuell fjernverknad i landskapet.

På sørsida av hovudvegen vil det vere rett å ta vare på den opne hyttestrukturen som ligg der i dag. Dette er viktig både for visuell fjernverknad og fordi det er viktig fordi det er viktig å ta vare på høve til å driva friluftsliv mellom hyttene her. Det er svært viktig at dei tre nye felta vi gjer framlegg om i nordskråninga under Movatsheii får same opne struktur, slik at ikkje område endrar karakter dramatisk.

Område HTF 01**Namn på området;** Område nord for Jonshøgdi**Planstatus i eksisterande kommuneplan;** Hytteområde**Areal;** 167,1 daa**Tal på hytter;** Samla tal for HTF og HOF-område =300 hytter

Miljø- og naturessursar	Vurdering av området	Konsekvensar
<p>Biologisk mangfald -myr (stort sett) -frodig lauvskog</p> <p>Verna vassdrag.</p> <p>Landskap.</p> <p>Kulturminne.</p>	<p>Samleverdiar Naturverdiar/biologisk mangfald -verdi lokal</p> <p>Biologisk mangfald Evalueringskart -verdi lokal</p> <p>-området ligg nordaust for fylkesvegen og, svært lite av området som ligg innafør 100 m beltet til Måvotni.</p> <p>Samleverdiar Landskap -høg verdi, potensiell regional verdi</p> <p>Landskapsbilete. evalueringskart -svært høg verdi, potensiell nasjonal verdi (mesteparten) -verdi lokal (liten del)</p> <p>-ikkje registrert freda kulturminne</p>	<p>Fortettinga vil ha små konsekvens for det biologiske mangfaldet, då området har låge verdiar.</p> <p>Små eller ingen konflikter med verna vassdrag, då fylkesvegen ligg mellom feltet og vassdraget.</p> <p>Landskapet og hyttestrukturen toler fortetting utan det får store konsekvensar for landskapet.</p>
Samfunn	Vurdering av området	Konsekvensar
<p>Teknisk infrastruktur</p> <p>Området grensar inntil Rv-7.</p> <p>Friluftsliv.</p> <p>Utbyggingsmønster</p>	<p>Lett tilgjengeleg frå vegen.</p> <p>Skiløype i vestre del av feltet. Tilhøyrrer løypekart på Kvamskogen</p> <p>Samleverdiar friluftsliv. -verdi lokal</p> <p>Friluftsliv. Registrerings-/analysekart -hyttefelt</p> <p>Evalueringskart -verdi, lokal</p>	<p>Infrastruktur for vatn og avlaup ligg i området. Fortetting er mogelig i høve til vatn og avlaup.</p> <p>Hytteområdet vil vera lett tilgjengeleg også utan intern veg inn i området.</p> <p>Små eller ingen negative konsekvensar for friluftslivet. Løypestrukturen gjer sitt til at hyttefeltet er lett tilgjengeleg for løypesystemet på Kvamskogen.</p> <p>Fortettingsområde med moglegheiter for fleire hytter</p>

Fortetting		
HTF 01	167,1 daa	Nord for Jonshøgdi/rv 7. Fortettingsområde med noko potensiale nordaust nord for Måvotni, nord for fylkesvegen. Ikkje intern vegutløysing i dag.

Område HOF 01

Namn på området; Område ligg vest for Maovotni

Planstatus i eksisterande kommuneplan; Eksisterande hytteområde

Areal; 75,6 daa

Tal på hytter; Samla tal for HTF og HOF-område =300 hytter

Miljø- og naturessursar	Vurdering av området	Konsekvensar
Biologisk mangfald -myr	Samleverdiar Naturverdiar/biologisk mangfald -særs høg verdi Biologisk mangfald Evalueringskart -særs høg verdi, nasjonal	Feltet ligg tett inntil verna vassdrag, ei mindre fortetting vil ikkje redusera verdiane langs med elva
Verna vassdrag.	-ligg i nedslagfeltet til verna vassdrag	
Landskap.	Samleverdiar Landskap -høg verdi, potensiell regional verdi Landskap Evalueringskart -svært høg verdi, potensiell nasjonal verdi	
Kulturminne.	-ikkje registrert freda kulturminne	
Samfunn	Vurdering av området	Konsekvensar
Teknisk infrastruktur	-planlagt utviding av vatn- og avlaup på Kvamskogen vil passere området.	Ved utviding av infrastruktur for vatn og avlaup vil feltet vera lett å byggje ut.
Fylkesveg 7		Feltet ligg like ved fylkesvegen, lett tilgjengeleg
Kraftleidningar	Kraftleidning vest og sørvest i feltet	Slik kraftline er plassert i dag, må fortettinga føregå utanfor sikringsonene rundt kraftleidningane.
Friluftsliv	Samleverdiar friluftsliv. -verdi, lokal Friluftsliv Evalueringskart -verdi, loka	Små eller ingen negative konsekvensar for friluftslivet. Skiløypene inn til området vil gjera feltet lett tilgjengeleg for løypenettet

Utbyggingsmønster	Skiløype tilhøyrande løypekart på Kvamskogen ligg vest og sørvest i feltet	Ei fortetting av området vil vera mogleg, små negative konsekvensar for området, då det ligg hytter her frå før. Lett tilgjengeleg frå fylkesvegen
-------------------	--	--

HOF 01	75,6 daa	Fortettingsområde sør for fylkesvegen, vest for Måvotni. Ei viss fortetting mogeleg.
--------	----------	--

Område HO 02

Namn på området; Kvamsæter

Planstatus i eksisterande kommuneplan; Byggeområde primært for utleigeverksemd

Areal; 57,7 daa

Tal på hytter; 12 hytter

Miljø- og naturessursar	Vurdering av området	Konsekvensar
Biologisk mangfald -karrig og lysåpen barskog	Samleverdiar Naturverdiar/biologisk mangfald -sær høg verdi, potensiell nasjonal verdi (nærast vassdraget -verdi, lokal Biologisk mangfald Evalueringskart -svært høg nasjonal verdi på eit avgrensa område Samleverdiar. Landskap -høg verdi, potensiell regional verdi -verdi lokal	
Verna vassdrag	-ligg innafor 100 m beltet til verna vassdrag	Utbygginga må forhalde seg til Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag. Føresegnene har lagt til grunn at det ikkje kan byggjast nærare enn 50 m frå vassdraget.
Landskap	Landskap -lokal verdi + område med potensiell høg regional verdi Landskapsbilete: -svært høg verdi (potensiell nasjonal verdi) Landskap Evalueringskart -svært høg verdi, potensiell nasjonal verdi -siluhett-buffer silhuett	Bygging nærast inn i mot vassstrengen kan vera med å redusera verdiane av området i høve til landskap.

Kulturminne:	veg -ikkje registrerte freda kulturminne	
Samfunn	Vurdering av området	Konsekvenser
Teknisk infrastruktur:	Ligg innafor Kvamskogen vest i Kommunedelplan avlaup 2006-2014	Avlaupsanlegget på Kvamskogen må utvidast før bygging kan komme i gang, to hovudløysingar er skissert i avlaupsplanen.
Kraftleidningar	Kraftleidning igjennom det planlagte feltet	Utbyggina må ta omsyn til kraftleidning, krav om hytte bygging med avstand til leidningen.
Skred:	Hyttefeltet ligg utanfor aktsemdsområde for skred	
Friluftsliv	Samleverdiar. Friluftsliv. -mesteparten med lokal verdi. Friluftsliv. Registrerings/analysekart -eit svært lite innslag av "Hundremetersskog", heilt aust i feltet	Området er pr dags dato ikkje knytt opp i mot skiløypene på Kvamskogen
Eit viktig historisk perspektiv er at Kvamskogen gjennom mange hundre år, dvs heilt attende til 1200-talet, har vore nytta som beitelandskap med mellom anna tilhøyrande stølsområde og utslåttar. Det har også vore permanent busetjing med tilhøyrande gardsbruk, i første rekkje Eikedalen (som stort sett ligg utanfor planområdet i Samnager kommune), men garden i Røyrlø sentralt på Kvamskogen vart etablert for knapt hundre år sidan (Aadland 2000). Der er ikkje drift no. I somme område på Kvamskogen har beitetrykket vore stort i nyare tid, ma i Steinskvandalen der det var halde mykje geiter mellom ca 1960 og 1990 (Aadland 2000). Vegetasjonsbildet lokalt ber preg av dette.

9.1.5 Verna område

Det finnst ingen delområde innan planområdet som er verna etter Naturvernloven (naturreservat, naturminne mm). Nokre område vart klassifisert som regionalt viktige i samband med arbeidet med temavise verneplanar, sjølv om dei ikkje vart inkludert i den endelege verneplanen (les meir om våtmark og myr seinere i rapporten).

Eikedalselva, som har sitt utspring på vestlege deler av Kvamskogen, vart varig verna i Verneplan III (i 1986). Vernet er i utgangspunktet eit vern mot kraftutbygging, men seinare rikspolitiske retninglinjer (RPL) har sett krav til at det skal takast omsyn også innanfor nedbørsfeltet, og då spesielt i dei vassdragsnære biotopane.




Fig. 30. Kart som viser nedbørsfeltet til varig verna vassdrag (Eikedalselva) og grensene for inngrepsfrie soner.

9.2 Naturforhold på Kvamskogen

Alle naturområde har sin eigen karakteristik som igjen gjev livsgrunnlag for ulike organismar, dvs for naturtypar, flora og fauna. Med sin plassering i den mellomboreale sonen har Kvamskogen fleire karaktértrekk som samla sett gjer det til eit spesielt naturlandskap.

Areal under skoggrensa er gjennomgåande prega av ulik utforming av skog, myrlandskap, vatn og vassdrag. I det følgjande er gjeve en kort karakteristik av dei viktigaste naturtypane innan planområdet

9.2.1 Skog

Barskog

I utgangspunktet har store deler av Kvamskogen vore dekkja av furu- og furu-lauvblandings-skogar. I historisk tid er dette skogbildet blitt endra etter kraftig hogst av furu *Pinus sylvestris* spesielt, ma for eksport (jfr. Aadland 2000) og etter lang tids bruk av området som beite for storfe, sau og geit, noko som har påverka førekkomsten av bjørk *Betula pubescens*.

Sjølv om det dei siste 10-åra har skjedd ei viss reetablering av skog er dagens skogbilde ulik det opphavlege skoglandskapet på Kvamskogen. Når det gjeld furuskog, ligg fleire av partia med velutvikla furuskog i delområde som no har relativt mykje fritidsbusei. I somme område er det planta inn ein del gran *Picea abies* i nyare tid, utan at dette pregar landskapet i særleg grad.

Bjørkeskog

Bjørkeskog dannar, på Kvamskogen som mange andre stader, ein skogsone over barskogen (på Kvamskogen furuskog), dvs ein relativt smal sone med fjellbjørkeskog. Utforming og omfang av bjørkeskog varierer mykje i forhold til terreng og eksponering, men den er stadvis fint utvikla. Bjørk inngår også i blanding med furuskog og i enkelte sørvendte lier er bjørka meir storvaksen og med ein rikare flora i feltsjiktet.

Annan lauskog

Det er relativt lite av annan lauskog enn bjørkeskog på Kvamskogen. I en del av dei sørvendte, bratte liener er det stadvis eit bra innslag av osp *Populus tremula*, eit viktig treslag som del av eit biologisk mangfald.

9.2.2 Skoggrense

I overgangssona mellom skog og lavalpine fjellheier har vi ein eigen sone som vert kalla skoggrense. Skoggrensa på Kvamskogen ligg stort sett kring 600 m o.h. Sjølv om skoggrensa berre er ein overgang frå ein naturtype (skog) til ein annan (fjell), er sona spesielt viktig for det biologiske mangfaldet, dvs for faunaen, spesielt for pattedyr og fugl.

9.2.3 Lavalpine heier

Fjellheiene er ein viktig del av Kvamskogen, både som viktig del av naturlandskapet, men også bruksmessig i friluftssammenheng. Det finnst avgrensa fjellheier både sør, vest, nord og øst for dei sentrale delene av Kvamskogen og avstanden til fjellheiene er generelt kort frå både veg og hytteområde.

9.2.4 Kulturmark og kantsoner

Som nemnt tidlegare så går den historiske bruken av utmarksressursane på Kvamskogen langt tilbake (sjå Aadland 2000). Støling og utmarksbeite var den tradisjonelle bruken gjennom mange hundre år inntil dei første bureisingane starta i Eikedalen på slutten av 1700-tallet. På sjølve Kvamskogen finnst en gard - , Røyrlid - som vart rydda tidlig på 1900-tallet, eit område der tidlegere bakkemyrar la grunnlaget for ein 30-40 daa dyrka mark og beiteland. I tilknytning til gardane vart det også planta ein del gran, gjerne i relativt kort avstand frå sjølve gardsbruka.

9.2.5 Vatn og vassdrag

Vatn og vassdrag er viktige landskapselement på Kvamskogen. Longvotni (357 m o.h.) og Maovotni (438 m o.h.) er dei viktigaste vatna sentralt i området, mens Kvanndalsvatnet (497 m o.h.) nord i Steinskvanndalen, Krokvatnet (529 m o.h.), Skånavatnet (525 m o.h.) i sør, Fossdalsvatnet (552 m o.h.) og Heiavatnet (554 m o.h.) på Maovotnsheii i sør-sørvest utgjer dei viktigaste vatna. Heilt i utkanten av planområdet, mot vest og nordvest, ligg Eikedalsvatnet (384 m o.h.) og Skeiskvanndalsvatnet (551 m o.h.), delvis i Samnanger kommune. Tilknytt vatna finnst ei rad elvar der Hjartåni (Kvedrnaskogen), Fljoto (frå Steinskvanndalen), Røyro (frå Dalagjelet ned langs Røyrlia), Teigaelvi (frå Skeiskvanndalen), Tordalselvi (gjennom Tordalen) og Mødalselvi (frå Mødalen) er dei viktigaste. I tillegg kjem ei rad større og mindre bekkar inn til dei sentrale vatna. Elvane inn til Eikedalsvatnet høyrer til vassdraget Eikedalselvi som er eit varig verna vassdrag (ned til Frølandsvatn).

9.2.6 Myrar

Med plassering i den mellomboreale sone (Moen 1998) er Kvamskogen prega av store myrsystem. I tillegg til dei klimatiske faktorane er landskapet sentralt på Kvamskogen av ein slik karakter at det har utvikla eit omfattende system av bakkemyrar, strengmyrar og flatmyrar, alle sigevannsmyrar eller minerotrofe myrar. Der kan også vera mulighet for andre myrtypar (jfr DN 1999a).

10.Næringsutvikling

- Generelt

Kvamskogen er truleg det området med størst utbyggingsaktivitet i Kvam. Dette gjer i seg sjølv at det er mange i arbeid på Kvamskogen. Det som finst i tillegg til utbyggingsaktivitet er kiosk-/kafeteriavverksemd, vedlikehald og alpinverksemd vinterstid.

Eit velutvikla og velskjøtta fritidslandskap på Kvamskogen, der dei største grønnstrukturkvalitetane er i hevd, òg er det viktigste grunnlag for næringsliv på Kvamskogen.

Men "oppå" dette grunnlagsproduktet bør ein ha ein god organisasjon som kan utvikle Kvamskogen både som turistprodukt for noverande og nye brukarar - og som næringsveg for kvemmingane.

Forskar Tor Arnesen frå Østlandsforsk var innleiar på Kvamskogenseminaret. Han hevda mellom anna to viktige ting med omsyn på næringsutvikling:

1. Om lag ein arbeidsplass pr. 150 fritidsbustader kan påreknast
2. For vertskommunen kan ei jamn utbygging som "går og går" vere den største vinsten for næringsutvikling

Dette er viktige punkt å ta omsyn til i planarbeidet Kvam.

- Om overnattingsbedrifter spesielt

Skal ein få levedyktige overnattingsbedrifter eller utleigehytte-/leiligheiter på Kvamskogen, må det vere fleire av desse bedriftene - eit eller fleire "cluster"-danningar som gjer at tilbodet vert stort nok til å bli lagt merke til, m.a. i marknadsføring.

Nye buformer med omfattande utleige, slik som er foreslått ved Aktiven, er ei form som er serviceintensiv verksemd. Dette er ei utbyggingsform som kan vere spanande.

Dette bør òg vere ein del av ei sterkare Kvamskogen-merkevare med kvalitet og sterk samordning for marknadsføring, profilering, skilting, fellestiltak, heiskort, transport (bussar/skitaxi).

I tillegg det er nausynt å få til eit sommar"produkt", td gjennom tiltak som "Sykkel Kvamskogen", eventuelt "Hesteriding Kvamskogen". Det er få marknadsførte sykkel"pakkar" på Vestlandet og få rideområde der ein kan kjøpe "pakkøløysingar" I tillegg bør det utviklast aktivitetar for kano og kajakk, mindre badestrender, m.m.

- Landbruk

Det er ikkje komme innspel frå landbruket, korkje frå styresmakter eller organisasjonane. Bondelag og Bonde- og småbrukarlag var inviterte til idèdugnaden. Det er beitedyr på Kvamskogen. Utbygging flytter beitinga til andre lokalitetar. Sau kan haldast vekke frå hytter med gjerde. Vi kjenner ikkje til spesielle konflikter.

11. Risiko og sårbarhetsanalyse - ROS

Risiko- og sårbarhet (skjema er henta frå Fylkesmannen i Vestagder: *Veileder for gjennomføring av ROS-analyse ved utvikling av områder for fritidsbebyggelse i høystjell*)

Emne	Forhold eller uønskte hendingar	Vurdering	
		Nei	Merknad
Naturgejevne forhold	Er området utsett for snø- eller steinskred?		Ja, område er undersøkt og vist i eige kartvedlegg, med aktsemdskart for skred. Det er gjeve restriksjonar i samband med regulering etter føresegnene § 3 i denne planen.
	Er det fare for utglidning (er området geoteknisk ustabil)?	X	
	Er området utsett for flom/oversvømmelse?		Etablert busetnad langs Maovotno – nordside er utsett for oversvømmelse. Byggjeområde er teke ut av planen, men eksisterande hytter er gitt høve til avgrensa utviding. Det er planlagt flaumsonekart for delar av Kvamskogen
	Er området utsett for flom i elv/bekk, herunder lukka bekk?	X	
	Er det radon i grunnen?	X	
	Anna?		
	Vindlast		Nytt alpinanlegg ved Byrkjefjell må undersøkjast med omsyn til meteorologiske data før godkjenning av reguleringsplan. Anlegget er tatt ut av pålanen.
Snølast		Vert sikra i byggesaker	
Infrastruktur	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar, som kan inntreffe på nærliggjande <i>transportårer</i> , utgjere ein risiko for området:		
	-hendingar på veg?		Uoversiktlege avkjøyrslø og ferdsleforhold langs fylkesveg 7 utgjer fare for hendingar.

			Oppsummert i kap 10.3. Teigabergtunellen (fylkesveg 7) vest i planområdet har høve til omkøyning.
	-hendingar på jernbane?	X	
	-hendingar på vatn/elv?		Farleg last frå biltransport-ulukke kan råka nærliggjande vassdrag
	Vil drenering av området føre til oversvømmelse i nedanforliggjande områder?	X	
	Medfører bortfall av tilgang til følgjande tenester <i>spesielle</i> ulemper for området:		
	-elektrisitet (kraftlinjer)?	X	
	-teletenester?	X	
	-vassforsyning?	X	Alternativ vassskjelde må sikrast. Aktuelt overflatevatn: Heiavatnet. Aktuelt grunnvatn: Steinskvanndalen
	-renovasjon/spillvatn?	X	
	Dersom det går høyspentlinjer ved/gjennom området:		
	-vert området påverka av magnetisk felt frå el.liner?		Statnett har meldt oppstart av regulerlingsplanarbeid med eit trasealternativ for 420 kv line innanfor planområde
	-er det spesiell klatrefare i samband med master?		Statnett har meldt oppstart av regulerlingsplanarbeid med eit trasealternativ for 420 kv line innanfor planområde. Det må stillast krav til at linjene har tilstrekkeleg klaring mot bakken.
	Er det <i>spesielle</i> farar knytt til bruk av transportnett for gåande, syklande og køyrande innanfor området:		Tema er tatt opp i planomtalen, og mykje er basert på trafiksikringstiltak som ligg til grunn i reguleringsplan for E-68. Det er ei stor utfordring å få til gode tiltak for mjuke trafikkantar på

			Kvamskogen
	-til forretning/serviceanlegg?	X	
	-til alpinanlegg/anlegg for fritidsføremål?	X	
	-til ski-/turløyper?	X	
	-til busstopp/kollektive samband?	X	
	Brannberedskap:		
	-omfattar området spesielt farlege anlegg?	X	
	- har området utilstrekkeleg brannvatnforsyning (mengde og trykk)?		Delvis. Det er ukjent struktur, men det finst sløkkevatn langs hovudstammen. Situasjonen er ulik for vinter/sommar i forhold til tilgang ope vatn. Vintersituasjonen vil fordre vanntank som Kvam brannvern er oppsett med.
	-har området berre ei mulig atkomstrute for brannbil?		Ukjent struktur. Situasjonen er ulik for vinter/sommar i forhold til tilgang. Samla sett må "blålys-etatane" sikrast ei samordna kartlegging og plan på innsatstilhøva. Det bør skje i lys av eit kartlagt offentleg tenestebehov på Kvamskogen.
Tidligere bruk	Er området påverka/ureina frå tidlegare verksemder?		
	-gruver; opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	-militære anlegg; fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	-industriverksemd, herunder avfallsdeponering?	X	
	-anna ?		
Omgjevnader	Er det regulerte vassmagasiner i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	X	
	Er det regulerte vassdrag i nærleiken, som kan føre til varierende vasstand i elveløp?	X	
	Finnst det naturlige terrengformer som utgjer <i>spesiell</i> fare (stup etc.)?		Tokagjelet er eit elvegjel som er usikra. Parallellt med elvegjelet går rv 7. Oppfølgjande detaljplanlegging gjennom reguleringsplan bør sikra arealet her mot uønskte hendingar

	Anna?		
Ulovleg virksomhet	Sabotasje og terrorhandlingar:		Stanett har meldt oppstart av reguleringsplanarbeid med eit trasealternativ for 420 kv line innanfor planområde.
	-er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	-finnst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

SÅRBARE OBJEKTER	Vil planforslaget kunna gje auka risiko for:	Vurdering	
		Nei	Merknad
Natur	Naturvernområder, andre viktige naturområder, rekreasjons- og friluftsområder.		Omfanget av villmark med avstand 1-3 km frå tekniske installasjonar vil bli redusert med om lag 4,6 kvadratkilometer. Dette er redusert i ny plan, då HT 13 er tatt ut av planen.
Helse- og omsorgsinstitusjonar	Sjukehus, sjukeheim, aldersheim / eldreboligar, skular, barnehage.	X	
Kulturminner	Objekt med stor kulturhistorisk verdi.	X	
Viktige offentlege bygningar	Administrasjonsbygg, bygg for viktige tekniske funksjon	X	
Trafikk-knutepunkt	Jernbanestasjon, bussterminal, hamn, flyplass	X	Vist i eige kapittel 10.3
El-forsyning	Kraftverk, høgspenteleidningar, trafoar, dammar m.m.		Statnett har meldt oppstart av reguleringsplanarbeid med eit trasealternativ for 420 kv line innanfor planområde. Det må stillast krav til at linjene har tilstrekkeleg klaring mot bakken.
Tunnelar, bruer	Finnst alternative vegsamband?		Ingen omkøyning, risiko for oppstuvning av trafikk ved vegbrot - ÅDT er > 2000 kjt/døgn, med unnatak av omkøyning utanom Teigabergtunnelen. Hardangertunnel under Kvamskogen er i ein tildelg planfase.
Hovudnett, gass	Finnst alternative energikjelder	X	
Drikkevannsforsyning	Vassverk, drikkevasskjlder, inntak, nedbørsfelt, grunnvann		Potensiell vassforsyning (grunnvatn) i

	m.m.		Steinskvanndalen må sikrast undersøkt før utbygging
Avlaup	Rørnettverk, pumpestasjonar, renseanlegg m.m.	X	
Informasjons- og kommunikasjonsinstallasjonar	Fibernetnettverk, radio/TV-stasjon, radio/TV-sendar	X	


12. Trafikk og vegnett

12.1 Trafikktal

ÅDT (årsdøgertrafikk) for Kvamskogen er 2099 kjt/døger (2003). I nasjonal vegdatabank viser kartet i dag (2010), 2400 kjt/døgn (kjelde Nasjonal vegdatabank) Spesielt for Kvamskogen er at trafikkmengda er sers avhengig av årstida og vekedag. Trafikkmengda i juli er til dømes dobbelt så stor som i november-desember. I påskeveka er trafikkmengda typisk fire gonger så stor som dei vekene i året med minst trafikk. Trafikken på søndag er ofte dobbelte av trafikken på ein kvardag. Dei store variasjonane er først og fremst knytta til Kvamskogen sitt gode tilbod innan vintersport og gjennomgangstrafikk av feriereisande midt på sommaren. På ein kvardag utanom ferier vil det meste av trafikken på Kvamskogen vere gjennomgangstrafikk.

Kvamskogen (2003) (2007):

ÅDT (Årsdøgntrafikk):	2099 kjt/døgn (2411 kjt/døgn)
SDT (Somardøgntrafikk)	2814 kjt/døgn (3374 kjt/døgn)
JDT (Julidøgntrafikk)	3056 kjt/døgn (3939 kjt/døgn)
YDT (Yrkesdøgntrafikk)	1905 kjt/døgn (2262 kjt/døgn)
HDT (Helgedøgntrafikk)	2532 kjt/døgn (2742 kjt/døgn)







Fig. 31 Års- og månedsdøgntrafikk Kvamskogen 2001-2003






Fig. 32 Beregnet gjennomsnittlig ÅDT pr. uke i 2003




Fig. 33 Vekedagverdier

Tungtrafikkandelen ligger rundt 15 % på hverdager. I helgene er tungtrafikkandelen i underkant av 5 %.

12.2 Vegnettet

Fv 7 (tidlegare E68 og Rv-7)) er hovudåre over Kvamskogen. Fv 7 går her i dalbotn frå Eikedalen i Samnanger til Tokagjelet i Kvam. Vegen tente som stamveg fram til desember 1991, då vart stamvegen omlagt via Voss.

Skilta fartsgrense er 80 km/t på heile strekningen. At Fv 7 har stigning og kurver i begge ytterpunkta av Kvamskogen bidreg til at strekningen blir ein naturleg "fartsetappe" med høg fart. Høg fart er eit problem spesielt i helgar og feriar når det er ferdast fotgjengarar langs vegen. Høg fart er også problematisk i forhold til dei mange avkjørslene langs fylkesvegen.

Vegen har relativt god standard både med tanke på geometri og tilstand på dekke.

Fleire av avkjørslene fra fylkesvegen er lite gunstig plassert/utforma med tanke på sikt, brøyting og innbyrdes avstand. Både talet og utforminga av avkjørslene er eit trafikktryggleiksproblem på strekningen.

Parkering langs fylkesvegen førekjem til tross for ledige plassar på felles parkeringsplassar. Langsgående parkering er eit trafikktryggleiksproblem.

Strekningen manglar fortau/gangveg og er derfor lite egna for fotgjengartrafikk. Det er ingen definerte kryssingar for fotgjengarar.

Ut frå fylkessvegen går det fleire småvegar med vekslande standard. De fleste er bratte og med nokre unntak vert dei ikkje brøyt om vinteren. Parkering føregår då på felles parkeringsplassar. Brøyting av flere veger gjer at utfartskorridorar vert innsnevra og vert oppdelt. Den auka trafikken på tilkomstvegane utgjer eit trafikktryggleiksproblem.

På dei dagene i året med mest trafikk, er det avviklingsproblem på Fv 7 over Kvamskogen. Det er til tider lange køar, ikkje bare på sekundære vegar, men også på fylkesvegen. Det mest kritiske krysset er Eikedalen X Fv 7 der det på dei største utferdsgdagane er lange køar i firetida når skisenteret stenger. Bortsett frå dei viktigaste utferdsgdagane er avviklingskvaliteten på Kvamskogen god.

12.3 Trafikktryggleik

Kvam herad avvik frå resten av fylket med færre ulykker første halvdel av året, men flere i siste halvdel. Det er størst avvik til resten av fylket i månadene april og juni, der Kvam skiljer seg ut med mange ulykker. Dette har truleg samanheng med mykje trafikk i samband med påske- og sommarferie.

Verste vekedager er lørdag og søndag: 56.5% av ulykkene skjer i denne perioden. Avviket frå resten av fylket er påfallande. Årsaka til den høg ulykkesintensiteten i helgene kan vere stor gjennomgangstrafikk og mykje trafikk mellom Bergen og Kvamskogen.

Som i resten av fylket er utforkjørings- og møteulykker dominarende med 75.9% av ulykkene. Kvam har noko høgare ulykkestall for fotgjengarar og syklistar enn resten av fylket.

Etter at stamvegen ble omlagt via Voss i desember 1991, gjekk både talet på ulykker og trafikkskade i Kvam merkbart ned.

12.4 Kvamskogen

Kvamskogen er sammen med strekninga Øystese sentrum - Norheimsund sentrum og nedre del av Steinsdalen dei mest dominerande ulykkesstrekningane i Kvam.

Ulykkesutsette punkt er definert i "[Trafikksikringsplan for Kvam herad 2006-2010](#)" som punkt eller kortare vegstrekninger (ca 100 m) der det har skjedd 3 eller fleire ulykker i perioden 1995-1999. På Kvamskogen er per definisjon Kvednavollen-bru Kvamskogen Aktiv eit ulykkesutsett punkt. I perioden 1995-1999 var det tre ulykker med personskaade.

Uhellspunkt vert definert i Trafikksikringsplanen for Kvam 2006-2010 som punkt eller kortare vegstrekningar der det er registrert fem eller flere uhell i perioden 1996-99. På Kvamskogen kjem både Jonshøgdi og strekningen Røyrlidsvingen - NAF med høvesvis 7 og 6 uhell i perioden inn under omgrepet uhellspunkt.

Tilbakemeldingar frå publikum tyder på at særleg smale og uoversiktlege vegparti eller sterkt trafikkerte veger utan fortau eller brei vegskulder der skuleborn ferdast, opplevest som utrygge. Det er ingen samheng mellom oppgjevne utryggeleiksspunkt og strekninger/punkter der det faktisk er registrert ulykker.

Gjeldende trafikktryggleikssrapport har satt opp følgjande strakstiltak på Kvamskogen:

- Steinsdalen, Kvamskogen , Rv 7, Bøtelegging feilparkering
- Steinsdalen, Kvamskogen, Rv 7, Nedsatt fart til 60 km/t i vinter- og påskerferier
- Steinsdalen, NAF-Maovassleitet, Rv 7, Bedre brøyting foran garasjer
- Steinsdalen, Røyrlidsvingen, Rv 7, Tydeliggjøre farlig sving vha. rekkverk og skilting
- Steinsdalen, Avkjørsel til Mødalsvegen, Rv 7, Flytte busslomme
- Steinsdalen, Avkjørsel til Mødalsvegen, Rv 7, Utbedre innkjøring på fylkesveg

Proriterte langsiktige fysiske tiltak:

- Rv 7 Røyrlidsvingen, Utbedring av kurve
- Rv 7 Røyrlid - Maovassleitet, Stenge ulovlige avkjørsler, avkjørselssanering

12.5 Mål

Eit trygt og aktivt Kvamskogen er eit mål for planarbeidet. Målset kan konkretiserast ved hjelp av følgjende delmål:

- Alle som ferdist på Kvamskogen skal kjenna seg trygge
- Redusera fylkesvegen sin barriereverknad
- Det skal vera mogleg å kryssa fylkesvegen på ski
- Det nyttige og rekreative skal kunna gå hand i hand
- 100 % parkeringsdekning på felles plassar og ingen langsgående parkering langs fylkesvegen
- Alle kryss skal dimensjonerast for trafikkmengden
- Redusere tal avkjørsler langs fylkesveg 7
- Redusert fartsnivå
- Holda utfartsområde bilfrie (evt. forsøkja å halde mjuke og harde trafikantar fråskilt)
- Vegnettet på Kvamskogen skal være utforma i høve til gjeldande vegnormal

12.6 Analyse

Ei utbygging av 1000 nye hytter over ein tiårsperiode vil gje auka trafikk over Kvamskogen. Venta trafikkmengde i ein framtidig situasjon er gjort med utgangspunkt i erfaringstal og trafikktejingar. Det er ventet at full utbygging kan gje rundt 46.000 fleire turar pr. år. Det bidreg til auke i ÅDT på **3,3** % i forhold til ein situasjon utan vidare utbygging.

Utbygging av hytteområde gir ujamn trafikkvekst. Kor stor trafikkvekst ein kan vente, vil variere avhengig av månad, vekedag og tidspunkt på døgnet. I helgar vil trafikkveksten gje eit merkbar utslag i trafikktalet. Døgnetrafikken på en fin søndag i vinterhalvåret er venta å auka med om lag 1200 kjt/døgnet, eller i overkant av 30 %. På slike dagar vil truleg trafikktalet i tidsrommet kl 16-17 vere opp i mot 50 % som følgje av ny utbygging.

Trafikktalet vil, som det er vist, variere gjennom året og i veka. Nokre dagar i året er det avviklingsproblem. Desse problema vil forsterkast med vidare utbygging. I timane med mest trafikk, vil tid ventetida for trafikk frå Eikedalen skisenter verta dobla. Den dimensjonerande trafikken vil imidlertid ikkje auka så mykje at det utløyser behov for ein standardheving på hovudvegen. Enkelttiltak for å betre avviklinga dei kryssane med størst belastning vil vera aktuelt. På ein stad som Kvamskogen der trafikkvolum varierer så mykje avhengig av vekedag og tid på året, må det akseptast noko dårligare avvikling på dei dagane i året med størst trafikkbelastning.

I Statens vegvesen sin "Rammeplan for avkøyringar" er det delt opp i 4 alternative holdningar for vegnettet i Hordaland. Rv 7 over Kvamskogen er i gruppen "Svært streng haldning". Dette inneber ma. at vegane i prinsippet skal være avkjørselsfrie og at nye avkøyringar eller utvida bruk av noverande avkøyring berre vert tillette dersom det er vist i reguleringsplan eller godkjent detaljplan etter veglova.

Føringane i forhold til avkøyringar gjer at det er nødvendig å stengja ulovlege avkøyringar og enkeltavkøyringar må samlast i felles avkøyringar som tilfredsstillir vegnormalen sine krav til utforming. Ved utbygging er det viktig at områda får tilgjenge via felles avkøyringar som dei er vist i gjeldende reguleringsplan.

Behovet for nye vegar er avhengig av kvar nye hytter vert lokalisert. Stor spreing vil, i motsetnad til fortetting, gje ein vidare forgreining av dagens vegnett. Konsekvensane av nye tilkomstvegar er hovudsakelig knytt til vintersesongen. Høge brøytekantar, smale vegar og krapp kurvatur vil i kombinasjon med tidvis vanskelege føreforhold utgjera eit trafikktryggleiksproblem. Vegar vil også dela opp og snevra inn skitraseer, og kan ha negative estetiske konsekvensar. Det å få til ei

landskapstilpassa utforming og avgrensing vegareal blir viktig. I og med at konsekvensene av vegutbyggingen i hovudsak er vinterrelatert, vil m.a. restriksjonar på vinterbrøyting og gode felles parkeringsplassar vere avgjerande for omfanget av dei negative konsekvensane. Ei utfordring blir å finne ein balansegang som sikrar hytteområda godt tilgjenge og samtidig avgrensa dei negative konsekvensene av vegutbygging.

Utbygginga gjev ikkje berre behov for tiltak for biltrafikken. Det blir også nødvendig å leggje betre til rette for mjuke trafikantar. Utbygginga gjev fleire fotgjengarar og auka biltrafikk forsterkar fylkesvegen sin barriereverknad. Både for å binde saman områda på kvar side av fylkesvegen og av trafikktryggleiksomsyn vil det bli behov for definerte kryssingar for fotgjengarar. Kor mange og kvar dei bør plasserast er avhengig av kvar det byggeområda vert lokalisert. For å kunne binde saman naturlege målpunkt vil fotgjengarkryssing ved NAF og Kvamskogen Aktiv truleg vere dei mest naturlege plasseringane. Dette pga. målpunkt på begge sidene av fylkesvegen og fordi det er start og slutt punkt for planlagt gang-/sykkelveg. Dersom fotgjengarovergang skal nyttast må dette kombinerast med senka fartsgrense, då fotgjengerovergang berre kan nyttast på strekningar med fartsgrense 60 km/t eller lågare. Planskilt overgang er eit meir kostnadsnevnde alternativ, men gjev betre trafikktryggleik og gjer det mogleg å krysse vegen på ski.

12.7 Tiltak

I det etterfølgjande listar vi opp aktuelle tiltak for å gjera den vidare utbyggingen på Kvamskogen berekraftig og trafikksikker.

- Varierande hastighet over strekningen slik at skilt hastighet kan reduserast over dei mest kritiske delene av strekningen. Til dømes på strekningen mellom NAF og Kvamskogen Aktiv.
- Restriksjonar på brøyting.
- Samle hytteparkering på felles plassar. Viktig at felles parkeringsplasser utformes og vedlikeholdes godt slik at dei blir eit godt alternativ.
- Skiløype langs hovudveg. Kan brukast istaden for gangveg.
- Stille krav til felles parkeringsplassar til utbyggjar.
- Definerte kryssingar for mjuke trafikantar. (Evt. planskilt dersom behovet kan forsvare det) truleg mest aktuelt ved Kvamskogen Aktiv og ved NAF. Ikkje berre fordi det er start og slutt på planlagt gangveg, men også fordi det er viktige målpunkt på begge sider av vegen på begge stadene.
- Rundkøyting/kanalisering av kryss for å auke kapasiteten i kryss med avviklingsprobleme.

I tillegg er det skildra ein del aktuelle tiltak i gjeldende reguleringsplan jfr kapitlet om Trafikk og vegnettet og TS-plan jfr. kap 3.3.1.

12.8 Reguleringsplan

Gjeldende reguleringsplan for E68 (noverande Fv 7) over Kvamskogen er frå 1988. Planen tar i hovudsak for seg avkøyrslar og parkeringsplassar.

Hovedpunkt:

- Vegen følgjer dagens trase bortsett frå i Røyrlidsvingen der kurven er gjort slakkare i forhold til dagens situasjon.
- Flere haldeplassar er flytta i forhold til dagens situasjon.
- Flere avkøyrslar er sanert. Spesielt i samband med "bilnaust" (garasjar) er små avkøyrslar og utflytande avkøyrselareal samla i ei felles avkøyrslar.
- Det er regulert gangbru over fylkesvegen mellom campingplass og Røde kors/Kvamskogen Aktiv
- Tre nye kanaliserte T-kryss:
 - Innkøyring Kvinnhovden
 - Innkøyring Furedalen
 - Innkøyring campingplass vis a vis Kvamskogen Aktiv.
- Atskilt gang-/sykkelveg fra NAF til Kvamskogen Aktiv. GS-vegen ligg på fylkesvegens søndre side.
- Ny snuplass for buss vis a vis Kvamskogen Aktiv.

Tilhøyrande reguleringsføresegner

Alle nye tiltak skal koplast til Fv 7 (E 68) berre over de markerte avkjørslene. Hytter kan berre få byggeløyve når det samtidig vert skaffa 1 p-plass pr. hytte, og det ligg føre avtale om regelmessig brøyting. Alle plassar merket P1, 3, 3 osv. er meint som offentlege p-plasser. De andre plassane vert private (hytteparkeringsplasser)

Oppsummering

Gjeldende reguleringsplan dekkar behovet med dagens trafikkmengde på Kvamskogen. Trafikktryggleikstiltak foreslått i Trafikksikringsplan for Kvam ligger inne i reguleringsplanen. Det ligg inne tiltak på dagens ulykkes- og utryggleikspunkt..

Ei omfattande utbygging med tilhøyrande trafikkvekst vil gje behov for enkelte tillegg i gjeldende reguleringsplan. Tillegga er først og fremst knytt til ekstra overgangar for fotgjengarar og utbetring av avkøyrslar/kryss.

1000 nye hytter. Ein fin søndag er 60 % på hytta. Med 1,3 turer pr. hytte aukar ÅDT på ein fin søndag fra 3500 til 4300 ($3500 + 1,3 * ,60 * 1000 = 4280$).

Døgntrafikken på en fin utfartsdag aukar frå 3500 til omlag 4300 kjt/døgn

Dersom vi reknar at hytteeigarane i gjennomsnitt er på hytta kvar tredje helg i vinterhalvåret og kvar åttande i sommarhalvåret gjev det følgjende endring i ÅDT.

$26 * 1/3 + 25 * 1/8 = 12$ hytteturar pr år

$12 \text{ hytteturar} * 3 \text{ dagar pr. hyttetur} * 1,3 \text{ turar pr. dag} = 46 \text{ turar pr hytte pr år}$

$1000 \text{ hytter} * 46 \text{ turar pr. hytte} = 46.000 \text{ turar pr år.}$

ÅDT = turar pr år/ dagar pr. år

$46.000/365 = 126$ (bidrag i ÅDT)

I følge reknestykket aukar ÅDT frå 2099 til 2225 som følge av utbyggingen av 1000 nye hytter.

Auken i årstrafikk som følge av utbygginga vil ikkje utløse krav til endring i vegstandard.

Makstimen som typisk vil vere søndag kl 16 har i dag omlag 300 kjt./time. Med veldig fint ver omlag 450 kjt./time.

Dersom vi forutset at 60 % er på hytta og 25 % køyrer heim mellom kl 16 og 17 får ein følgjande auke i timetraffikken.

$0,6 * 0,25 * 1000 = 150$ bilturer i makstimen

Timetraffikken i makstimen ein fin søndag er rekna til å auke frå 450 til 600 kjt/time.

13.Vedlegg til planomtale etter 2.gongs høyring i 2010

13.1Innleiing

Etter høyring og offentleg ettersyn i 2010 kjem dette vedlegget som ein konsekvens og ei oppdatering av dei endringar som er gjort i planen.

13.2Hytteområde

Hytteområde HT-14 er tatt ut av planen, då både Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune hadde motsegn til plane, pga konflikt med landskap, friluftsliv og rekreasjon.

Hytteområde HT 03, HT 04 og HT 05 er redusert i omfang, ved at øvre grense på feltet er trekt noko lengre ned i dalføret.

Hytteområde HO i Tordalen er oppretthalde, men krav til grundigare gjennomgang av evt rasfare, kan vera med å redusera feltet.

13.3Område for leilegheiter

Område for leilegheiter ved Furedalen er redusert, ved at den vestleg delen er tatt ut av planen.

13.4Skredkartlegging

Skredkartlegging har vorte tydelegare presisert i nokre hytteområde. Dette gjeld spesielt for HT-09 og HO i Tordalen (jf ovanfor).

13.5Krav til utvalde hytteområde

Hytteområde HO 02 er det krav til skileikområde innanfor planområdet, samstundes som det ikkje skal byggjast slikt at ålmenta ikkje har tilgang til vassdraget.

13.6Skiløyper

Skiløypene er tydeleggjort i plankartet og temakart, samtundes er det også lagt til grunn at vinterstid er definert i frå 1. november til 1.mai. Om det ikkje er mogleg å preparere vegane med trakkemaskin, kan vegane også nyttast til køyring utanom denne perioden.

13.7Bygging i LNF-område

Det er opna opp for utviding av hytter i landbruk-, natur og friluftsområde, desse områda er vist om LNF-område for spreidd hyttebygging. Desse hyttene kan byggjast ut til 120 m². Utvidinga av hytter skal ikkje vera til hinder for skiløypene og ålmenta sin tilgang til vatn og vassdrag.

13.8Differensiert hyttestorleik

Omsynet til landskap og friluftsliv er lagt inn som ein viktig premiss for hyttestorleik på Kvamskogen. Hyttene skal ikkje vera breiare enn 6 meter, når helning på terrenget er brattare enn 1 :6. Del skal også vera eit gjennomgåande prinsipp at dei største hyttene i felta skal liggja lengst borte i frå skiløypene.

13.9Tilhøvet til naturmangfaldslova

Fylkesmannen hadde motsegn til at; *”Naturmangfaldslova er ikkje tilfredstillande ivareteke. Det må innarbeidast føresegner med krav om at naturmangfaldet skal kartleggjast av fagkunnig i tidleg fase som premiss for reguleringsplanarbeidet.”*

Naturmangfaldslova §§ 8-12, har frå juli 2009 komme inn som ein viktig premissleverandør for offentlege avgjerdsler. Tilhøvet til lova vert omtalt i dette vedlegget.

Paragraf 8 i Naturmangfaldslova tek for seg kunnskapsgrunnlaget. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg tilhøve til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Kommunen har i sitt arbeid med planen gjort vurderingar i høve til det biologiske mangfaldet. Tidlegare kartlegging gjort av Norsk Natur Informasjon, gjeld NNI-rapport nr 84- ”Vurdering av områder viktige for biologisk mangfold på Kvamskogen, Kvam kommune, i forbindelse med planer om økt hyttebygging”. Rapporten gjev ei oversikt over hovudtrekk i naturmangfaldet på Kvamskogen, samt ei oversikt på kva som er kjent av naturfaglege undersøkingar frå tidlegare. Her har det mellom anna vore nytta naturbasen hjå Fylkesmannen i Hordaland. Særtrekka på Kvamskogen er eit omfattande system av myrar knytta til både vatn og vassdrag, men også til eit kompleks av bakkemyrar både med og uten tresetjing, utforminga av landskapet og eit spesielt nedbørsrikt klima ligg til grunn for dette. Med utgangspunkt i naturtypane og grad av inngrep med spesielt fokus på hyttebygging, er det vist til 23 delområde som bør vurderast vidare i biologisk mangfald og viltsamheng. Seks sonar har relativt omfattande hyttebygging og har sannsynlegvis lite igjen av viktige område for biologisk mangfald (bortsett frå småskalaartar som krev lite areal). Åtte område er prega av natur over skoggrensa (fjellheiar), dvs område som sannsynlegvis vil verta lite rørt av nye planar for utbygging. Tilbake står nokre sonar prega av myrlandskap, skog og hei, spesielt vert det vurdert at område sør for Longvotni, i Tordalen og nordvest i Skeiskvannaldalen kan ha viktige førekomstar. Sistnemnte område/sone utgjør nærsone til Eikedals-Frølandsvassdraget, som eit varig verna vassdrag.

Med utgangspunkt i relativt lite konkret kunnskap om både naturtypar og artsførekomstar er det trong til kartlegging av både flora og fauna, dersom omsyn skal kunne takast til viktige naturførekomstar i det vidare planarbeidet. Konklusjonen er difor at for endeleg å kunna avklara ikkje utbygde område sin funksjon og verdi for biologisk mangfald må det gjennomførast ein fase II-kartlegging av utvalde delområde og utvalde artsgrupper. Dette var konklusjonen til Norsk Natur Informasjon.

Rapport 84 er også grunnlaget for ”Kvamskogen –grøntstrukturanalyse, fase I”, utarbeidd av Norconsult og Norsk Natur Informasjon i april 2002. Rapporten tek for seg naturverdiar/biologisk mangfald, landskap og friluftsliv. Rapporten har vore eit svært viktig beslutningsgrunnlag i kapittel 7-konsekvensutgreiing i planomtalen.

Med bakgrunn i denne kartlegginga i 2002, laga Norsk Natur Informasjon ein ny rapport i 2003, som tok for seg fire utvalde område. Desse fire områda representerer dei største samanhengande areal under skoggrensa/i skoggrensa som enno ikkje er vesentleg påverka av inngrep, med få eller ingen hytter. Når det gjeld dei 19 delområda som ikkje er vidare kartlagt, så finnest det fleire ikkje ubetydelege areal med naturlandskap som enno ikkje er påverka av utbygging. Ved vidare utnytting av desse områda er det viktig at det vert gjort planmessi, med fokus på grønntstruktur, barriereverknad og nøkkelområde for biomangfaldet. Det kan takast vare på, ved heilskapleg planlegging sone for sone eller ved at kvar einskild utbyggingsplan vert nøye vurdert av naturfagleg kompetente personar før det vert gjort vedtak.

Ut ifrå arbeidet i 2002 vart nokre delområde antatt å ha eit større potensiale i biologisk mangfald, samanheng og eller ein viktigare korridorfunksjon enn andre.

Dette gjeld;

Område -nr	Område- namn	Naturtypar	Inngrep
8	Steinskvandalen	Vassdrag, skog, myrar og stolar	Veg og stølar. Mykje beita
11	Skeiskvandalen	Vassdrag, myrar, skog og seter	Skitrekk i vest
20	Måvottsheii	Fjellhei, skog, vatn og våtmark	Kraftline og skitrekk
22	Mødalen - Gåsabotn	Myrer og skog	Nokre hytter i vest

Område 2, ”Longvotni –Fagrafjell”, vart i 2002 føreslått som eit av områda som burde prioriterast, pga ressursmangel vart dette ikkje gjort.

Kunnskapsgrunnlaget burde vera godt nok for kommunedelplannivå. Dei viktigaste naturverdiene er å finna langs med verna vassdrag-desse områda er definert til å ha nasjonal verdi. I desse områda er det i stor grad lagt opp til LNF-c område, der det ikkje er mogleg med nye hytter, kun med utberting og utviding av eksisterande bygg.

Det er vist ”undersøkingssområde for biologisk mangfald” langs med strandsonen av Longvotni, vidare mot Løkjen og opp i Mødalen. I desse områda er det lagt opp til grøntstrukturar og lite med nye hytter. Også langs med Longvotni er det vist LNF-c (spreidd hyttebygging) område, der det ikkje vil vera mogleg med nye hytter, kun utbetring og utviding av eksisterande bygg.

Paragraf 9 tek for seg føre-var prinsippet. Når det skal takast ei avgjerd, utan at det ligg føre kunnskap om kva verknader det kan ha for naturmangfaldet, skal det takast sikte på å unngå vesentleg skade på naturmangfaldet. Ligg det føre ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap verta brukt som grunngeving for å utsetje eller unnlate å treffa forvaltningstiltak.

Dei fire undersøkte og prioriterte områda, skal sikre sonar fri for hyttebygging, både for å sikra regionalt viktige naturverdiar og leveområde for både raudlisteartar og andre, men også for å ha større areal opne for friluftsliv.

I kommunedelplan for Kvamskogen vert dei fire undersøkte områda lite påverka av ny hyttebygging. Dette er også tatt opp og vist til under kapittel 7 i planomtalen. Hytteområde HT 01, kjem inn under område 11 (Skeiskvandalen). Dette gjeld primært langs med Eikedalsvassdraget. Område 8 (Steinskvandalen), vert ikkje påverka av ny hyttebygging. Hytteområde HO 05, kjem inn under område 22 (Mødalen – Gåsabotn). Dette gjeld i liene sør for vatnet, mesteparten av område 22 vert urørt i høve til hyttebygging. Område 20 (Måvottsheii) vert også liggjande urørt i høve til hyttebygging. Dei store grøntstrukturane vert ikkje endra i ny plan.

Hytteområde HO 05 gjer mindre inngrep i område 22, inngrepet vert vurdert til ikkje å ha større verknad enn at det kan akseptierast innafor Naturmangfaldslova. Detaljerte tilpassingar må evt gjerast igjennom reguleringsplan.

Kunnskapsgrunnlaget, jf naturmangfaldslova for Kvamskogen er noko varierende. Fire område, jf område 8, 11, 20 og 22 har betre dokumentasjon enn resten av Kvamskogen. Det vil her vera mindre trong til vidare kartlegging av det biologiske mangfaldet, som premiss for det vidare reguleringsplanarbeidet.

Langs med vatn og vassdrag er det skjerna for nye hyttefelt og bygging av nye einskildhytter, mellom anna for å ta vare på viktige naturtypar og det biologiske mangfaldet i desse områda. Dette er gjennomgåande i heile planen og eit viktig føre-varprinsipp for artmangfaldet på Kvamskogen. Det sikrar også ålmenta sin opplevingsverdi av vatna og vassdraga på Kvamskogen.

Kunnskapgrunnlaget og tilhøvet til prinsippet om føre-var (jf § 11), vert vurdert til å tilfredsstilla prinsippet i Naturmangfaldslova.

Paragraf 10 tek for seg påverknad av økosystemet og samla belastning

Hovudtrekka i planen er ei lokalisering av fritidsbustader langs med fylkesveg 7, medan Steinskvandalen, Skeiskvandalen, Mødalen, Gåsabotn, Måvottsheii og Tordalen, og vasstrengen langs med Longvotni, Måvotni og Eikjedalsvassdraget, her vert det biologiske mangfaldet i stor grad tatt vare på. Desse områda er det tatt omsyn til i planen.

I det vidare arbeidet med å tilfredsstilla naturmangfaldslova, vil det verta sett krav om at det ved gjennomføring av reguleringsplan, så skal naturmangfaldet kartleggjast av fagkunnig person. Dette er lagt inn som eit generelt rekkjefylgjekrav i føresegnene til kommunedelplan.

Paragraf 11 tek for seg tiltakshavar og dekking av kostnader ved å hindra eller avgrensa skade på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter.

Ressursane nytta til kartlegging av biologisk mangfald på Kvamskogen er tilpassa kunnskapen som er nødvendig, for å gjere val som kan forsvare ut i frå prinsippet om føre-var og påverknad av det biologiske mangfaldet. Grundigare kartlegging og bruk av ressursar for å få fram meir detaljert kunnskap er lagt til reguleringsplannivå.

Paragraf 12 tek for seg miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering som ut i frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske tilhøve, gjev det beste samfunnsmessige resultatet.

Det vert her vist til konklusjonane under dei føregåande punkta.

Ut ifrå ei samla vurdering og motsegna i frå Fylkesmannen er fylgjande føresegn lagt inn for å dekkja ei vidare oppfylgging av §§ 8-12 i naturmangfaldslova.

"I framtidige område for fritidsbustad-HO og HT, skal områda kartleggjast av fagkunnig person, for å tilfredsstilla §§ 8-12 i Naturmangfaldslova"

13.10 Trafikkanalyse

Det er gjennomført trafikkanalyse for heile planområdet. Trafikkanalysen tok for seg løysingar for gang- og sykkelvegsløyinga for sommar og vinter, nye kryss og avkøyrslar og vurdering av stenging av gamle avkøyrslar, plassering av busslommar og vurdering av tilpassa fart over Kvamskogen.

Etter samråd med Staten vegvesen, er det sett ei generell byggegrense på 50 m i frå midtline veg, og kravet til gjennomføring av nye planar og trafikkløysingar er sett til 2014.

Følgjande førsegner er tatt inn i planen;

- *Byggegrense langs med Fv-7 er 50 meter frå midtline om ikkje anna er vedtatt i godkjent reguleringsplan eller disposisjonsplan vedteken før 01.01.2000. For framtidige byggeområde kan det vedtakast byggegrense under 50 m frå midtline på Fv-7, jf motsegn i frå Statens vegvesen*
- *Ved regulering av nye byggeområde for fritidsbustadar skal det gjennomførast grundige vurderingar av nye og gamle avkøyrslar basert på løysingane skissert i trafikkanalysen for Kvamskogen, dagsett den 31.03.2011*
- *På strekkja mellom NAF'en og Ungdomsheimen skal det gjennomførast ny regulering og opparbeiding av gang- og sykkelveg og planfri kryssing av fylkesveg 7 for mjuke trafikantar før det kan gjennomførast vidare utbygging. Utarbeiding av reguleringsplan og gjennomføring av tiltak skal uansett gjennomførast innan år 2014.*
- *På strekkja mellom NAF'en og Eikedalen og på strekkja mellom Ungdomsheimen og Tokagjelet skal det gjennomførast reguleringsplan med omsyn til gang- og sykkelveg, planfrie løysingar for skilløyper/mjuke trafikantar, avkøyrslar, busslommer og andre nødvendige tiltak for trafikksikring. Arbeidet med regulering skal vera gjennomført innan utgangen av 2014. Tidspunkt for gjennomføring av tiltak vert fastsett i reguleringsplan.*

